

Barns mulighet til leik i det urbane bymiljø

En casestudie av Storhaug aust



DET TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE FAKULTETET

BACHELOROPPGAVE

Studieprogram/studieretning:	Vårsemesteret, 2023
Byggingeniør med byplanlegging	Åpen
Forfatter:	<i>Oda Eriksen</i>
Oda Eriksen	
Fagansvarlig ved UiS: Anders Riel Müller / 송연준	
Medveileder: Anders Riel Müller / 송연준	
Tittel på oppgaven:	Barns mulighet til leik i det urbane bymiljø: Ein casestudie av Storhaug Aust.
Engelsk tittel:	Children's opportunity for play in the urban city environment: A case study of Storhaug East.
Studiepoeng: 20 poeng	
Emneord: Byplanlegging Barns urbane byrom og rett til leik Urban kvalitet Kvalitetar i leikemiljø Leikemiljø Barn og unge	Sidetall: 47 Stavanger, 15.05.2023

Innholdsliste

1. Introduksjon	
Forord	5
Abstract	6
Sammendrag	7
2. Innleiing	8
Fortetting	8
Problemfelt	9
3. Problemstilling	10
4. Teori	11
Gode urbane kvalitatar	11
Kvalitetar barn trenger i byrommet	12
Kva behov har barn i eit leikemiljø	13
Kva krefta motarbeidar gode aktivitetsflater	16
Oppsummering	18
5. Metode	19
Val av metode	19
6. Observasjon og analysestrategi	21
Analysestrategi	21
Observasjonar	22
7. Analyse	37
Del 1 - Kvalitetar i område	38
Del 2 - Kvalitetar i bydelen	41
Oppsummering	43
8. Konklusjon	44
Kjelder	45
Bilde	45
Litteratur	46

Forord

Dette er ein bacheloroppgåve i Byplanlegging, utført vårsemesteret 2023. Den markera slutt på ved det treårige studiet med byggingeniør ved Universitetet i Stavanger (UiS). Denne oppgåva har vert ein lærerik prosess, der eg har tatt i bruk kunnskap frå det eg har lært frå mine tre år på UiS samt at eg har kunne kombinert mykje med mitt tidlegare yrke som barnehagelærar. Prosessen har vert utfordrande, men eg sitt igjen med at eg har utvikla meg innan eit fagfelt eg engasjera meg særskilt mykje i – og som etter ferdig ser at det er behov for å forske meir på.

Vil rette ein stor takk til Anders Riel Müller for sin faglege ekspertise og verdifulle innsikt som har hjelpt meg gjennom heile prosessen med å skrive denne bacheloroppgåva. Rettleiinga har bidratt til å forbetre oppgåva på mange måtar. Eg setter pris på hans engasjement og støtte, og er takksam for all hjelp eg har fått.

Til slutt vil eg gjere takke min kjære sambuar, familie, vene og medstudentar for deira støtte, tolmod og oppmuntring gjennom heile bacheloroppgåva.

Alle biletar og illustrasjonar er laga av underteikna, med mindre anna er spesifisert.

Abstract

The world's population is constantly increasing, especially in cities, which also means that the proportion of children in cities also increase. One consequence of this is that people are living closer together and access to open space is becoming less available. Areas that were previously used extensively by children and young people for play and recreation. For children who are living in cities, urban spaces are a part of their environment for growth and development.

For children in cities, public urban spaces are a central part of their environment for growth and development. Play is important for children, not only because it brings a lot of joy, but because it provides a basis for versatile development. Versatile development means development of, among other things, cognitive, mental, physical and social skills. It is through play that children develop many aspects of themselves. Therefore, urban planning must be in dialogue with educational principles in order to meet the needs of this group for growth and development.

This assignment looks at how the urban spaces in Storhaug east contribute to good environments for growth and development, looking at various educational qualities. Through several rounds of observation, there is much to suggest the absence of such qualities that are seen as important for good local environments.

The way the district is designed does not provide the variation that neither children nor young people need, nor the variation that a city needs in order to provide life and activity, and also fails to meet the needs of other groups.

Samandrag

Verdas befolkning aukar stadig, spesielt i byane. Det gjer også at andel barn i by også aukar. Ein konsekvens av dette er at folk bur meir tett og tilgangen til opne areal blir færre. Areal som tidlegare har vert mykje brukt av barn og unge i leik og rekreasjon. For barn som bur i by er dei urbane rom ein del av deira oppvekstmiljø.

For barn i by blir dei offentlege urbane byrom ein sentral del av deira oppvekstmiljø. Leik er viktig for barn, ikkje berre fordi det gir mykje glede – men fordi det gir eit grunnlag for allsidig utvikling. Med allsidig utvikling meinar ein utvikling av mellom anna det kognitive, mentale, fysiske og sosiale. Det er gjennom leik barn utviklar mange sider ved seg sjølv. Derfor må byplanlegging gå i dialog med pedagogiske prinsipp for å kunne møte denne gruppa sine behov for vekst og utvikling.

Denne oppgåva ser på korleis dei urbane byromma i Storhaug aust bidrar til gode oppvekstmiljø der ein ser på ulike pedagogiske kvalitetar. Gjennom fleire runder med observasjon er det mykje som tydar på fråvær av slike kvalitetar som blir sett på som viktige for gode nærmiljø.

Måten bydelen er designa på gir ikkje den variasjonen som verken barn og unge har behov for, og ei heller for den variasjon ein by trenger for at det gir liv og aktivitet og ei heller klarar å møte behov til andre grupper.

1 Innleiing

Denne delen av oppgåva kjem til å presenter problemfeltet og bakgrunn for oppgåva.

1.1 Fortetting av byen

Verdas befolkning aukar stadig, spesielt i byane. I dag bur meir enn halvparten av verdas befolkning i byar, og talet kjem truleg til å auke enda meir dei nærmaste åra (FN, 2023). Med befolkningsauking, oppstår det også eit behov for fleire bustader. For å møte dei nye behova i samfunnet, er fleire norske byar i ein prosess for å transformere områder i byen. Dette blir gjort gjennom blant anna å frigi tidlegare industriområde for å nyttast til utbygging. I tillegg blir areal som grøntområde, skog eller andre opne areal brukt til å bygge mellom anna bustadar. Resultatet fører med seg ein kraftig reduksjon i tilgangen til grøntareal og skog. Dette er områder som ofte blir brukt av særskilt barn og unge for leik og rekreasjon.

Byen er blitt til for dei menneska som bur der og brukarane av byen. Befolkinga av byen består av eit mangfold av menneskjer der alle er individ med ulike behov og ynskjer. Disse behova må bli reflektert i byromma. For å planlegge byen på ein effektiv måte er det viktig å forstå behova og krava til byens brukarar og sikre at byens fasilitetar og tenesta møta behova på ein rettferdig og inkluderande måte. Fleire folk, betyr også fleire barn i byen. Ifølge Djupvik (2018) vil truleg 60 % av verdas urbane befolkning bestå av barn innan 2025. Når over halvparten av byens befolkning består av barn og unge, er det særskilt viktig å sikre at dei har gode oppvekstvilkår. Byens rom må derfor reflektere barn og unges interesse og behov. Dette er nødvendigvis ikkje dagens praksis.

Barn og unges leik og rørsle i det offentlege rom har redusert markant dei siste tiåra, med størst reduksjon i byane (Nordbakke, 2018). Fritid blir i større grad brukt innandørs, der heimen er ein sentral del av det. Draumen om eige hus med hage, er ein tanke som er relativt vanleg i Noreg. Ein privat hage har ein moglegheit til å opparbeide slik ein ynskjer, og ofte blir brukt som ein friplass for leik i kvar dagen. For å framleis kunne realisere denne draumen oppstår det forstadar lengre og lengre vekke frå bykjernen. Ein slik utviding av det geografiske arealet av byen, er ofte prega av einebustadar med lav tettleik av befolkning og er ofte prega av auka avhengigheit av privat transport i form av bil og områder som har kun eit bruksformål. Dette resultatet blir ofte omtalt som *urban sprawl* (Squires, 2002). Urban sprawl er ikkje ei berekraftig utvikling, då den ofte resulterer i nedbygging av landbruks- og naturareal og forbruket av privat transport aukar kraftig. Av den grunn er det oppstått eit krav til fortetting i mange norske byar, der eit av måla er å redusere fotavtrykket til bygningar. Dette inneber at ein må bu tettare, og eigen hage blir mindre sannsynleg i framtida.

Sjølv om det blir mindre hagar i Norske byar, er det framleis mange som har bustad med tilgang til privat hage. Dette gjelder også for Stavanger. Desse bustadane går gjerne i arb eller er i ein slik prisklasse som ikkje er for

alle. Her kjem det inn eit sosialt aspekt med eit tydeleg skilje mellom kven som skal få gode oppvekstvilkår rett utanfor stoveglaset sitt og ikkje.

Barn i by

Når ein tenkjer på dagens praksis av byar, ser ein at mange leikeplassar er dekka i fallunderlag som er laga av plast, og standardiserte leikeapparat. Mange leikeplassar er like i utforminga, og opnar lite opp for variert leik. Ready mades eller forhandsdefinerte leikeareal gir barn ei streng ramme på korleis det er *meininga* å leike, og gir lite rom for at barna kan transformere eins eigne material i leiken. Moderne leikeplassar og aktivitetsareal er det tydleg målretta aktivitetar. Mange aktivitetsflater er det førehandsbestemte aktivitetar med leikeapparat som gir lite rom for å ta i bruk fantasien. Døme, det er bestemt på forhånd at her skal det spelast fotball og der borte kan ein klatre. Kva ein skal leike er ikkje bestemt av barna sjølv, det er designa *for* barn på vaksne sine premissar. Den strenge oppbygginga av dagens leikeareal, gir lite rom for variasjon, friheit og fantasifull leik. Barn som leikar i naturen er eksperter på å tilegne ulike materialar eigenskapar som passar inn i den leiken som skjer her og no. Til døme, ein stokk kan ha ein funksjon som *båten* i leiken som oppstår og transformerast til ein anna betydning, kanskje *blekkspruten* når leiken har gått vidare. Om ein berre har standardiserte leikeapparat som ein ikkje kan modifisere eller endre, blir denne moglegheitene til fantasi fråtatt.

Verda har gjort seg avhengig av bilen i kvardagen. Store områder av byens areal blir nytta til veg og parkering. Ein ser at store delar av byen er basert på bilens premiss. Det er bilen, med sitt asfalterte underlag som vinner. I tillegg til behovet for bustadar som byggjer på eksisterande grøntareal, blir areal som typisk er brukt til leik og rekreasjon mindre og mindre. Tradisjonelt har gata hatt fleire funksjonar, der ein nyttar det til uteoppahaldsareal og barn som leikar i gata. Med den aukande trafikken i byen har faren for ulykker fått ein kraftig vekst og støyen den bringer bidrar til fleire helsekadar. Dette er med på å presse menneskjer vekk frå gatene. Utbygging av både veg og hus, reduserer det biologiske mangfaldet kraftig og tilgangen til natur i byane våra. Vi har mista nærmare 80 % av denne nærboka sidan 1950 talet (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021).

Når eg tenkjer tilbake på min eigen karriere som barnehagelærar, opplevde eg at uteområdet i barnehagen var lite utfordrande, og ein måtte bruke mykje tid til å 'lære opp' barna til å sjå moglegheitene som låg i rommet. Uterommet bør vere laga slik at alle som nyttar det, ser moglegheit med ein gang. Og at ein ikkje trengst å lærest opp. Mange av barna opplevde nok at uteområdet var kjedeleg og lite inspirerande, og ein måtte tilføre diverse leikemateriell som ein låste inn kvar dag for at det skulle bidra til ein form for leik. Kva gjer denne opplæringa av leikeapparat med den allsidige utviklinga og ikkje minst kva konsekvensar det har på utvikling av fantasien til barn og unge? Framtida kjem til å by på mange utfordringar, der ein treng å tenkje utanfor boksen. Framtidas generasjon må også få moglegheit til å skape.

Problemfelt

Når ein stadig større del av befolkninga bur i byar, fleire bur tettare og ein har færre private områder- blir dei urbane offentlege romma særskilt viktige. For barn så er nærmiljøet deira oppvekstmiljø, og for barn i by blir dei offentlege romma ein sentral del av dette. Derfor trenger byplanlegging å gå i dialog med pedagogiske prinsipp, for å kunne møte barns behov for gode oppvekstmiljø. Fordi det er dei urbane kvalitetane som er med å fremme eller hemme den arenaen kor barn kan leike, utvikle seg, bygge opp og utvikle sosiale relasjonar. For å sikre gode oppvekstvilkår må dei urbane byromma også reflektere barn og unges interesser og behov.

2 Problemstilling

Målet med denne oppgåva er å belyse korleis fortetting av by påverkar barn og unges moglegheit for leik i det urbane bymiljø. Vidare i oppgåva vil eg prøve å svare på følgande spørsmål:

RQ «Korleis har ein tilrettelagt for barns behov for varierte natur- og rørsleopplevingar i dei offentlege byromma i Storhaug aust?»

For å svare på forskingsspørsmålet har eg to underspørsmål rq 1 & 2

rq1: Kva pedagogiske kvalitetar har eller manglar dei ulike områda i Storhaug aust?

rq2:

Korleis er heilskaps biletet av Storhaug aust med tanke på å tilrettelegge for barn og unges leik og trivsel på offentlege områder?

Eg tar utgangspunkt i et byområde i Stavanger (Storhaug aust) der det i dei siste tiåra har gjennomgått ei stor urban transformasjon med mange fortettingsprosjekter og fleire nye aktivitetsområder og parker som har bidrege til å lage et attraktivt bumiljø i ein fortetta bydel.

3 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere min teoretiske ramme. Først vil eg presentere byplanleggings teori og diskutere viktigea av gode kvalitetar i det offentlege rom i ein fortetta bymiljø. Deretter blir det diskutert meir konkret kva for kvalitetar barn treng i det offentlege rom. Derifrå vil eg gå vidare til å diskutere behov for å tilrettelegge for leikeaktiviteter og kva for kvalitetar pedagogiske teoriar beskriv som er viktige for barn og unges trivsel og utvikling. Avslutningsvis vil eg diskutere nokre av dei elementa som kan motvirke gode byrom for barn og unge. Teoriane og omgrepa som blir presentert i dette kapittelet skal bidra til å analysere og diskutere mine empiriske observasjonar.

3.1 Gode urbane kvalitetar

Kvalitetar som gir gode urbane rom kan vere vanskeleg å definere. Sjølv om det ikkje er *ein* enkel definisjon, kan vi likevel seie litt generelt om kva som er gode urbane kvalitetar. Det kan vere variert frå stad til stad og reflektera kva behov som eksistera i miljøet. I varme strøk som Spania, er det andre behov for skydd mot vær enn her i kalde vindfulle Norden. Derfor er det viktig for ein byplanleggjar å kjenne staden for å kunne planlegge godt.


En by består av mange forskjellige individ og behov, og ein by må reflektere behova til mangfaldet som bur i den. Fortetting blir sett på som ein viktig måte for å oppnå dette. I Sim and Gehl (2019) si bok blir det sett på som ein viktig kvalitet for det gode urbane liv, korleis bygningsformen møter det daglege behovet til menneske som lever der. Attraksjonen til ein by ligg i fleksibiliteten den tilbyr. Det er tre nemneverdige funksjonar som kan forklare denne attraksjonen. Nærleiken til mennesker, stader og fellers ressursar som offentlege rom, butikkar, sjukehus, kultur og andre offentlege tenester og transport (Sim & Gehl, 2019).

"A society is made of different people with different needs, different means, and different dreams." (Sim & Gehl, 2019, p. 45)

For å finne nokre konkrete tiltak til korleis ein kan oppnå dette er det sett ni kriterium for eit buverdig, motstandsdyktig tett bebygd område burde ha;

- (1) Mangfold i bygningsform
- (2) Mangfold i utandørsareal
- (3) Fleksibilitet
- (4) Menneskeleg skala
- (5) Gangvenleg
- (6) Kjensle av identitet og kontroll
- (7) Behageleg mikroklima
- (8) Mindre karbonavtrykk
- (9) Større biologisk mangfold

(Sim & Gehl, 2019).



Figur 2- Nine Criteria for Livable Urban Density.


Kjelde:

(Sim & Gehl, 2019, p. 213).

Vidare blir punkt nr 2 til å bli dratt fram av særskilt interesse for å kunne svare på oppgåva. For å kople folk til omgivnadane og til kvarandre, er det å tilbringa tid utandørs eit element som kan hjelpe med dette (Sim & Gehl, 2019). Derfor bør det vere eit ynske for folk å ville bruke meir tid utandørs, byplanleggarens ansvar for å få folk til å ynskje dette. For å kunne møte ulike typar utandørsliv, må ein ha variasjon i utandørsområda. Potensial i mangfold av aktivitetar, ligg ved variasjon og mangfold av uteområda. Dess større variasjon i uteområda, jo større potensial for mangfold av aktivitetar som kan bli tilboden til befolkning. Det å tilby forskjellige typar utandørsområder i nærleiken av kvarandre vil gi fleire moglegheita og val for mennesker i kvardagen (Sim & Gehl, 2019).

For at det skal oppstå uformelle- og spontane aktivitetar i eit byrom, er det naudsynt at byromma blir til slik at det oppmuntrar og støtter folk til å ta i bruk det offentlege rommet på forskjellige måtar. For å designe slike byrom er det viktig å ikkje designe separate komponent og delar, men at ein er merksemrd på samspelet mellom dei ulike elementa og korleis dei tas i bruk gjennom den sosiale dimensjonen. Drift av dei ulike byromma er også ein essensiell del for å få til eit slikt levande samspel (Sennett & Sendra, 2020).

Jan Gehl er ein anerkjend professor, byplanleggjar og arkitekt har utvikla 12 kvalitetskriteria for å kunne vurdere byrom. Desse kriteria er strukturert rundt tre overordna tema: tryggleik, komfort og nyting. Vidare går kriteria ut på kva som skal til for folk skal kjenne seg vel og eit ynskje om å opphalde seg i eit byrom, basert på menneskelege sansar og behov (Gehl, 2010). Desse blir presentert i illustrasjonen under.



Figur 3- Dei tolv kvalitetskriteria, basert på Jan Gehl.

3.2 Kvalitetar barn treng av byrommet

I denne delen vil oppgåva belyse nokre aspekt med barns leik og kvifor det er viktig å ta dette på alvor- før ein går over i å sjå på kva kvalitetar barn treng i det urbane miljø.

Leik er grunnleggjande for personleg og kulturell betydning, og er ein vesentleg side for barnekulturen (Lillemyr, 2011). I tillegg til grunnleggjande behov har barn eit behov for ein stad å leike i det urbane byrom. Dette er fordi leiken bringer med seg mange gode sider. Desse sidene skal vi gå nærmare inn på seinare.

Barn og unges behov for leik – kvifor er dette så viktig?

Motivasjonen for leik, er først og fremst at det er moro. Leiken er motivert innanfrå, og leiken i seg sjølv har ein eigenverdi. Sjølv om det er dette som driv fram iveren, ligg det fleire aspekt i leiken som er ein viktig del av barns allsidige utvikling. Lillemyr (2011) poengtrerer at leik er vesentleg for å stimulere alle sider av barns utvikling. Der det er gjennom leiken at ein utviklar blant anna språklege ferdigheitar, sosial kompetanse, fysisk- og kognitiv utvikling. I Bae (2018) blir det påpeika at nyare hjernehforsking indikerer leikens essensielle betydning for utvikling av hjernen, samt også helse og trivsel. Så den har ein større verdi enn at det berre er kjekt. Den drar med seg så mange viktige aspekt for allsidig utvikling. Kva dette vil seie blir meir utdypa seinare i oppgåva.

Kva er leik?

Leik kan bli delt inn i tre dimensjonar i følge Pellegrini, Dupis og Smith uttalt i (Sandseter & Jensen, 2014). *Rørsleleik, sosial leik og leik med objekt*. Der rørsleleik er det barns naturlege og kroppslege rørsle og utfald, og korleis ein gjennom leik lærar kroppsleg kontroll og fysisk- og motorisk utvikling. Den sosiale leiken er det korleis barn leikar saman som er i fokus, og korleis gjennom interaksjon med andre barn i leik utviklar sosiale ferdigheitar. Leik med gjenstand omhandlar når barn nyttar ulike objekt i leik. Ein skiftar fort mellom dei ulike dimensjonane, og ofte er ein i fleire samstundes (Sandseter & Jensen, 2014). Leik har ein nærmast magisk arena- fordi det er i leikens verden, der kan alt skje- alt er "berre på liksom". Sidan leik er ein arena der ingenting er verken riktig eller gale, så blir det ein viktig arena for å teste ut ulike delar av seg sjølv.

3.3 Kva behov har barn i eit leikemiljø

Barn er individ, med ulike behov og interesser. Derfor er det komplikt, og vanskeleg å sette klare retningslinjer for kva som er gode kvalitetar i eit leikemiljø. Vidare i teksten skal ein forsøke å finne nokre element som må ligge til grunn for gode leikemiljø.

Trygghet

Som eit grunnlag for å kunne utforske, sleppe seg laus og teste sine eigne evner og grenser, må ein kjenne seg trygg (Lundhaug & Neegaard, 2013). I faglitteratur om korleis ein kan skape trygge rammer for barn, blir *Circle of security* (COS) mykje brukt. Der det omhandlar om den vaksne sin balanserte rolle mellom å gi utfordringar til barna og vere ein trygg hamn (Lundhaug & Neegaard, 2013). I eit byplanleggars perspektiv, kan ein ikkje legge til grunn for den vaksne sin rolle, men ein kan sjå på kva i miljøet rundt som skapar utfordring og tryggleik. For å kjenne på tryggleik kan ein nytte oss av Gehl (2010) sine tre kriteria for tryggleik. Mot trafikk og ulykker, mot vald og kriminalitet og mot vær og vind.

Beskyttelse

1. Skydd mot trafikk og ulykker
2. Skydd mot vald og kriminalitet
3. Skydd mot vær og vind

Figur 4- Dei tre kriterier som omhandlar tryggleik.

For å kome til ein leikeplass, nyttar barn og unge seg gjerne av eigne bein eller sykkel. Om det er mange barrierar som er for farlege til å trosse, vel ein kanskje vekk ein leikeplass. Døme på dette kan vere; kryssing av ein farleg trafikkert veg, ferdsel gjennom eit uhyggeleg område og for stor avstand frå heimen. For at ein skal ville opphalde seg i eit offentleg rom, må ein kjenne seg komfortabel og trygg. Dette kan ein oppnå gjennom god belysning og tilstadeværing av andre mennesker (Rishaug, 2014). Skydd mot vær og vind, er også ein komponent som må oppfyllast for å ha det komfortabelt. Døme på dette kan vere skydd mot regn og vind i form av eit tak, eller tre som gir skygge mot kraftig UV-stråling. Dette er element som ein byplanleggar lyt ta i betrakting når ein skapar ein by.

Natur

Barn er nysgjerrige vesen, og har behov for å oppdage, utvikle og endre verda rundt seg. Høgt nærvær av vegetasjon og naturelement gjer at naturmangfaldet aukar, og det oppstår eit miljø for utforskning og læring. Diverse småkryp og insekt i nærmiljøet vekk barns interesse for natur.

I rammeplanen for barnehage heiter det «Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Ein tar vare på det om ein er kjend med. Mangfold av artar er viktig for vår eksistens som mennesker. Der det er viktig

for blant anna for matproduksjon, tilgangen på rein luft og reduksjonen av flaumorsakar. Tilgang på natur tydar på kognitiv utvikling av barn samt bidrar til vedlikehald det hos vaksne. Samt bringer kontakt med diverse jordbakteriar til auking av immunforsvaret vår (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021). Tilgangen til natur bringer med seg mange fordelar for oss mennesker. Fjørtoft (2001) peikar også på dei helsefremmande tendensane til at barn som er meir ute i naturen er gjerne mindre sjuke.

Naturen er det som gir barn dei beste moglegheitene for leik. Naturlig vegetasjon og variert, ulent terrenget bidrar til utfolding, kreativ leik og fremmer fysiske ferdigheter (Kunnskapsdepartementet, 2006). Fjørtoft (2001) nemner at det å leike ute i naturlege omgivnader har ein positiv effekt på barn, då dei har ein tendens til å bli meir kreative i deira leikemåte og leikemønster. Leik i naturen har også ein sterk positiv utvikling for grovmotorikken, då barn som leiker ofte ute i naturen har utvikla gode eigenskapar til å møte fysiske utfordringar (Fjørtoft, 2001).

Kreativitet og fantasi er også lagt vekt på som ein viktig komponent for ein god leikeplass. Det vektleggast i fleire studiar viktigheita av lause delar, materiale og naturlege element som kan manipulerast og forandre. Døme på slike element er grus, sand, vatn og treemne (Djupvik, 2018). Det visar seg at naturleikeplassar som består av skog og tre, med innslag av leikeapparat laga av naturleg materiale som tre og tau, er der den mest engasjerande leiken oppstår, og barn blir mest utforda og aktive. Medan der barn leikar minst utfordrande er tradisjonelle leikeplassar med apparat som vipper, husker, rutsjebane, sandkasser og klatrestativ. Sistnemte er ein leikeplass der det forgår ikkje-leik og folk vandrar rundt eller berre står og heng (Sandseter & Jensen, 2014).



Figur 5- Døme på korleis det er tatt i bruk lause materialer frå naturen til å vere kreativ.

Variasjon i alder

Det urbane rom må reflektere heile befolkninga, og kva behov ein har. Desse behova forandrar seg gjennom livet. Ein 3-åring har ikkje dei same behova som ein 16-åring eller som ein 50-åring. Desse behova skal gjenspeilast i dei urbane romma, og alle skal ha moglegheit til utfalding på sine premissar. Derfor er det viktig at leikeplassar og aktivitetsflater bør leggast til rette for alle alder. Vanlegvis blir ein leikeplass designa ut ifrå undergrupper 2-5 og 5-12 år (Djupvik, 2018). Sjølv om ein bør legge til rette for dei ulike aldersgruppene bør ein vere varsam med å dele opp områdar basert på evne og alder. Plassering av diverse utstyr bør leggjast slik at ein oppmuntrar til variasjon i bruk, og at det treffer eit breiare aldersgruppe (Djupvik, 2018).

I Stavangers kommune sin "Lekestrategi for lekeplassene i Stavanger kommune" blei ungdommen tatt med i ein medverknadsprosess for å kategorisere kva er det ungdommen ynskjer i sitt nærmiljø. Blant hovudfunna kom det fram at dei ynskte sitteplassar og møteplassar under tak og at desse skulle ver lett tilgjengeleg (StavangerKommune, 2022).

Blant ungdom i alderen 13 til 19 år, er det stor overvekt av gutter som brukar planlagde anlegg for sjølvorganisert aktivitet. Jenter utgjer kun 20 % av brukarane av disse aktivitetsflatene (AsplanViak, 2023). Noko av utfordinga kan vere at slike aktivitetsflater for unge i byens urbane rom ofte er målretta og konkurransedrivne aktivitetar som fotball, basket og skateboard. Det visar seg at dei fasilitetane som rettar seg mot å treffe ungdommen, er mulighetar for sport heller enn leik (Walker & Clark, 2023). Rishaug (2014) peikar på at dei konkurransedrivne aktivitetane ikkje har like stor betydning for jenter, som for gutter – og at dette kan vere ein mogleg grunn for at jenter er mindre aktive rundt slike anlegg. Vidare blir det framheva at det er det sosiale aspekt som viktig for jenter, og derfor burde det opparbeidast fleire sosiale soner og aktivitetar som ikkje er like konkurransefokusert. Dømer på dette kan vere turning, klatring og oppholdsareal (Rishaug, 2014). Det er ikkje det at jenter ikkje er interessert i organisert idrett, men det er eit tydeleg ynskjer om å ha fleire aktivitetar gjennom leik. Ein del av problemet for at det er gode urbane rom møta tennåringsleik er fordi den ofte er sosial og ganske open, slik at den ser uproduktiv ut for vaksne (Walker & Clark, 2023).

Riskofylt leik

Riskofylt leik er ein naturleg del av barns leik. Der ein ved å prøve nye og spanande ting, presser sine eigne grenser gjennom leik og ein overvinner sin frykt for risiko og det ukjende. Definisjonen på riskofylt leik er den utforande og spanande leiken som inneholder element som usikkerheit og ein risiko for fysisk skade (Sandseter & Jensen, 2014). Noko av det som gjer leik kjekt, er å kjenne på meistring og det å vere i flytsona. Vidare er denne form for leik prøvd å kategorisert i seks kategoriar, presentert under;

- (1) Leik med høgde – fare for skade ved fall, dømer; klatring, hopping frå høgde, balansere i høgda
- (2) leik med fart – ukontrollert fart og tempo der ein kan treffe noko. Dømer; sykling, aking, rutsjing
- (3) leik med farlege verktøy – fare for å skade seg. Døme; kniv, øks, hammar og tau
- (4) leik i nærleik av farlege element – der ein kan falla i eller inni noko. Døme; eldplass eller vatn
- (5) boltreleik – der barna kan skade kvarandre. Døme; slosseleik, fekting og bryting
- (6) leik der ein kan göyme seg frå vaksne – i tilfelle der barn er utan oppsyn og ikkje har gjelder. Døme; skog og kratt.

(Sandseter & Jensen, 2014).

Ifølge Coster og Gleeve, uttalt i Sandseter and Jensen (2014) er grunnen til at barn likar å drive med risikofylt leik for å oppnå ein positiv kjensle i seg sjølv. Ved å delta i risikofylt leik kan barn oppleve ei kjensle av meistring og sjølvtillit, samt glede og spenning. Risikoleik er med på å vidareutvikle den personlege og sosiale utviklinga, samt å betre evna til å vurdere fare, noko som kan føre til færre ulykker (Lundhaug & Neegaard, 2013). Noko av det å leve er å utforske verden, og erfare at den ikkje alltid er 100 % trygg. Gjennom erfaring tileignar ein seg risikomestring og risikovurdering. Om alt rundt ein blir standardisert, blir denne moglegheit til ein viktig livserfaring sterkt svekka. Forsking tydar på at dei som har angst for til dømes vatn og høgde, ikkje har blitt utfordra på dette i barndommen i trygge rammer gjennom leik og meistring (Sandseter & Jensen, 2014). Det å bli utsett for ting ein er redd for gradvis gjennom leik, kan vere med å stimulere og overvinne sin frykt for risiko og det ukjende. Dette er ein samfunnsnyttig eigenskap som er viktig å vidareføre.

Fysisk aktivitet

Vi veit at regelmessig fysisk aktivitet er viktig for alle. For barn og unge er det naudsynt for å utvikle god helse og normal vekst. I tillegg har regelmessige fysisk aktivitet positiv effekt på konsentrasjon, læring og psykisk helse (Helsedirektoratet, 2014). Førekommstar av fedme blant barn og unge har auka, også i Noreg (Helsedirektoratet, 2010).

For å auke bevisstheita og skape faste rammer, har helsedirektoratet komen med følgande anbefalingar:

- Barn bør være fysisk aktive i lek eller annen aktivitet minst 60 minutter hver dag. Aktiviteten bør være variert, allsidig og av moderat eller høy intensitet.
- Minst tre ganger i uka bør aktiviteten være med høy intensitet, og inkludere aktivitetar som gir økt muskelstyrke og belaster skjelettet.
- Lek og fysisk aktivitet utover 60 minutter hver dag gir mer robuste og friskere barn.
- Tiden i ro bør begrenses og stykkes opp med mer aktive perioder.

(Helsedirektoratet, 2014).


Intensitets- og aktivitetsnivå varierer med alder. For dei minste (1-5) år er bør dei vere i fysisk aktivitet i minst tre timer fordelt utover dagen. Denne bør vere variert, og barna skal sjølv styre intensiteten. For dei eldste bør det vere ein time med fysisk aktivitet som gjer ein andpusten (Helsenorge, 2022a). Fleire helsegevinstar aukar i takt med aktivitetsnivå. Barn og unge våla mykje aktivitet, men det er også behov for pause og variasjon (Helsenorge, 2022b).

Variasjon

For å oppnå god motorisk utvikling, treng barn varierte motoriske utfordringar og sanseinntrykk (StavangerKommune, 2022). I ein skogholte eller ute i naturen, forandrar staden seg etter årstida i større grad enn på ein leikeplass. Blada på trea dettar ned, og spirar på ny igjen på våren. Jord forandrar seg til gjørme om det har vert mykje nedbør, og kan fryse til is om det er frost. I ein standardisert leikeplass dekt i plast, er denne tilnærminga til årstidene meir distansert og annleis. Da den forblir nesten den same heile året.

Ved å legge til rette for dynamiske og varierte aktivitetar kan ein bidra til å forbetre folkehelsa. Leik bør bli betrakta som ein aktivitet ein gjer heile livet, derfor må ein vere meir bevisste når ein utforma leikeplassar og aktivitetsflater. Det kan vere på tide å bevege seg vekk frå små tradisjonelle leikeplassar med standard utstyr som husker, vipper og leikehytter. I staden for bør dei bli designa med kvalitetar som er rik på opplevingar samstundes som det fungera som ein møteplass for ein breiare gruppe brukarar (StavangerKommune, 2022).

Barn oppfattar og tolkar sitt miljø basert på funksjonaliteten, framfor form og farger- slik som vaksne ofte gjer. Barn ser på omgivnadane ut ifrå kva dei kan gjere med dei, og korleis dei kan bruke miljøets eigenskapar til å skape leik. Slik vil ulike kvalitetar i miljøet inviterer til ulik type leik. Sidan barn er forskjellige individ, er også tolkinga ulik for alle barn og er avhengig av eins storlek, styrke, frykt og kompetanse (Sandseter & Jensen, 2014). Når det er omgivnadane som inviterer inn til leik, er det viktig at det er variasjon i kva omgivnadane tilbyr. Dynamisk systemteori går ut på korleis barns motoriske ferdigheter og kompetanse, gjennom interaksjon i samspel med omgjevnadane og dei rørsleutfordringane som skal løysast (Lundhaug & Neegaard, 2013). Miljøet rundt kan bidra til å hemme eller fremme barns motoriske utvikling. Derfor blir det viktig å vere kritisk til kva som tilførast eit leikemiljø i det urbane rom. Som tidlegare nemnt, for å oppnå god motorisk utvikling, treng barn varierte motoriske utfordringar og sanseinntrykk (StavangerKommune, 2022).



Figur 6 - Utanfor Sande Skole, Sola. Ein gamal trestamme er blitt brukt til leik. Ein ser små spader og fleire teikn etter barnehender som har utforska stammen.

Korleis kan leikeplass bidra til barns allsidige utvikling

Vi har sett litt på korleis naturelement i nærmiljøet kan bidra til læring og utfolding. Derfor er bevaring av naturmangfaldet utruleg viktig for å kunne fremme barns allsidige utvikling. For å skape ein stad der det ein ynskjer å opphalde seg i lengre periode, er vern mot vind og vær viktig. Det kan vere ein fordel å kombinere behovet for tilgang til naturen og vern mot vær- og vind, der ein kan bruke vegetasjon som levegg (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021).

Det å kunne ta i bruk attributtar for å berike leikens fantasi, og endre omgivningen sin er med på å vidareføre leiken. Barns leik er så kompleks, med ulike behov etter kvart som leiken og meistringskjensla utviklar seg. Derfor er det viktig at ein leikeplass kan møte fleire behov og at ein har moglegheit til å forandre og omarbeide omgjevnaden og ikkje berre bestå av fastmonterte gjenstandar. Det kan vere hensiktsmessig å bringe inn element som bidrar til risikofylt leik.

3.4 Kva krefter motarbeider gode aktivitetsflater

Vi har sett litt på at det finnes mykje kunnskap om kva som der dårlege og gode oppvekstmiljø for barn, og kva som fremmer og hemmar deira utvikling. Denne delen av oppgåva kjem til å rette søkelyset om dei ulike kreftene som motverker utviklinga av slike oppvekstmiljø.

Utbyggerar, planleggarar og leikeplassaktørar

Leikeplassar i Noreg har mange krav til både sikkerheit og vedlikehald. Hovudformålet er å hindre at nokre skal få alvorlege skader. Tall ifrå eit tidsskrift frå SSB, visar at det har blitt tryggare, i og med at risikoien for at et barn dør i ein ulykke har blitt kraftig redusert sidan 1950 talet (Ellingsen, 2008). Det er bra at andelen av slike ulykker har blitt redusert, men kan sikkerhetstiltaka ha gått for langt?

Når ein skal bygge ut eit nytt området, er det diverse krav for utbyggjar til å leggje til rette for barn. I plan- og bygningsloven (PBL), heiter det: «*Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene*» ("Plan- og bygningsloven – pbl," 2008 § 1-1). Vidare blir det ikkje spesifisert korleis ein som utbyggjar eller planleggar skal oppnå gode oppvekstvilkår, anna enn at ansvaret ligg hos kommunestyret. «*Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen.*» ("Plan- og bygningsloven – pbl," 2008 § 3-3).

For å møte dei ulike krava til sikkerheit, finnест det ein del lette løysningar for utbyggjarar eller planleggarar. Nemleg ulike leikeplassaktørar som tilbyr ferdige løysningar med diverse leikeapparat og gummiunderlag som møta desse krav til sikkerheit. Det gir utbyggjarar moglegheit til å finne ein del av planområdet for så å sette inn ønska apparat, og med det er krav utført. Strenge krav til fallunderlag endar opp med at mange leikeplassar er dekkja i falldempande matter av plast. Ein kan sjå ein tendens at slike underlag pregar ofte heile utearealet. Dette minskar kontakt med naturen kraftig.



Resultatet av å ha slike lettvinde løysningar, gjer at moderne leikeplassar og aktivitetsareal får ein tydleg målretta aktivitetar. Mange aktivitetsflater er det førehandsbestemte aktivitetar med leikeapparat som gir lite rom for å ta i bruk fantasien. Eit døme er, det er bestemt på forhånd at her skal det spelast fotball og der borte kan ein klatre. Kva ein skal leike er ikkje bestemt av barna sjølv, det er designa for barn på vaksne sine premissar. I Jørgensen-Vittersø and Vik (2021) kommer det fram at det er byggherre, utviklar og arkitektfirma som har makta når det kjem til utforminga av barnehagar. Personalet og brukarane av staden kjem ofte seint inn i planleggingsprosessen, og er ein av grunnane til at ikkje kvalitetane i leike- og læringsmiljøet blir diskutert med personalet. Sjølv om dette omhandlar mest om barnehagens uteareal, er det ikkje utenkeleg at det også skjer ved offentlege byrom også. Standardisering og tradisjonelle tankar på kva ein leikeplass i byen skal innehalde, og mangel på naturlege element i det urbane rom noko av dei største årsakene til kvifor urbane leikeplassar mislykkast (Djupvik, 2018). Val av materiell er styrt av etterspørsmål, forbruk og kjøpekraft (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021). Så er spørsmålet, bør marknadens krefter bestemme korleis uteområde skal vere?

I forskjellige barnehagar er det mykje likskap i uteområde, der det er dominert av standardiserte leikeapparat og terreng som er lite varierande i tillegg til at dei gjerne er dekt i plast (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021). Dette skjer i skuler og barnehagar der eit av hovudformåla er; å fremme allsidig utvikling der omsorg og leik, læring og danning ligger som grunnlag (Kunnskapsdepartementet, 2017). Vi har sett tidlegare at slike standardiserte leikeplassar ikkje er det som skapar dei mest læringsrike og engasjerande leik. Så sjølv i institusjonar som skal fremme gode læringsmiljø, blir det skapt miljø som motarbeidar det essensielle med barnehagen, nemleg leik.

Figur 7- Hermetikkparken- store delar av flata er i plast.

Djupvik (2018) har sett på korleis ein kan konstruere betre urbane områder for barn, og sikta på å finne ut om leikeplasskvalitetar kan innarbeidast i bydesign. Sjølv om dette burde la seg gjere, blir det konkludert med at den største barrieren ligg hos byplanleggaren. At ein designar *for barn*, og ikkje med barn. Denne tendensen blir også bekrefta i artikkel om Lervig Smart Park Project i Stavanger (Montalvan Castilla & Müller , 2023). Der det blir sett på blant anna barns moglegheit til å påverke samfunnsutviklinga gjennom medverknad. Barn og unge sine meininger blei tatt med i startfasen av utbygging av Lervig Smart Park, men etter kvart som idear skulle bli til planar blei '*ut av boksen*' ideane barna kom med nedprioritert. Ofte blei ideane sett på som 'ikkje gjennomførbare' og det var dei førehandsbestemte ideane og prioritetane til kommunen og byplanleggjarane som blei gjennomført (Montalvan Castilla & Müller , 2023). Sjølv om barn kjem med kreative løysningar, blir ikkje barn si stemme høyrd. Det at det alltid er nokre som skriker høgare, og får viljen sin seier noko om barnesynet ein gjerne har i dag. Ein kan gjerne legge til rette for barn og lage gode uteområde så lenge det ikkje hindrar andre interessentar sin agenda. Barns stemme må også bli sett på som heile, likeverdige og politiske stemmer.

Drift og vedlikehald

Vedlikehald av byens urbane rom påverkar attraktiviteten til byrommet. Om det ikkje blir godt nok ivaretatt, forfallar også ynskjen om å ville besøke området. Det er kommunen som har hovudansvaret for drift ved offentlege leikeareal. I en strategi frå Stavanger kommune (2022) blir det tatt opp at luking er ein av driftsoppgåvene som får lav prioritering. Vidare er det funne fleire teikn til slitasje og utstyr med dårlig tilstand. Det blir peikt på at mykje er grunna lite budsjett for vedlikehald (StavangerKommune, 2022).

Dei felles leikeplassane i Stavanger er det private buforeningar og sameige som har ansvar for. Det er mangel i ansvarsbevisstheit blant desse. Der mangel på sikkerheit kan føre til ulykker og erstatningsplikt av mellom anna eigar, forvaltar eller produsent. I nokre tilfelle er det ansvaret ikkje klart, og har ført til at Idrett og utedmiljø har fjerna slike leikeplassar med sikkerheitsavvik (StavangerKommune, 2022).

3.5 Oppsummering

Byens rom må basere seg på kvalitatar som gjer at menneskjer ynskjer å opphalde seg i rommet. For å kunne gjere det er det særskilt viktig at byrommet reflekterer mangfaldet av menneskjer som bur i den. Byen må basere seg på menneskelege sansar og behov, og byen må gi variasjon og vere fleksibel i sin bruk.

Barn er ein stor del av den urbane befolkninga, og byens rom er deira oppvekstmiljø. Det er viktig for at det er gode nok arena for leik i nærmiljøet. Då leik har ein essensiell del av barns allsidige utvikling. Dette gjelder mellom anna vidareutvikling av den motoriske ferdigheitar, sosiale ferdigheitar, kognitive og samt at leik bringer med seg fleire store helsegevinstar. Det er viktig for barns allsidige utvikling at det er gode areal for leik i nærmiljøet. Derfor er det viktig at dei urbane byromma gir rom for gode leikeareal. Desse må vere kjekke, fordi det er den indre motivasjonen som driv leiken fram.

Variasjon i miljøet blir dratt fram som viktig for å skape gode leikeflater for barn, og den gode motoriske utviklinga skjer ved å ha varierte utfordringar og sanseinstrykk. Vi har sett på at det er naturleikeplassar som er mest gunstige for den allsidige utviklinga, fordi den bidrar mest til læring i tillegg til at det er slike stader som engasjerer mest barn. Medan dei tradisjonelle leikeplassane med faste installasjonar er arenaer der det føregår *ikkje-leik* og er mindre engasjerande miljø.

Det er også funn av at aktivitetsflater som er særskilt retta mot ungdom, har ein tendens til å favorisere gutter då det visar seg at dei søker meir konkurransedriven ved sjølvorganiserte aktivitetar. Det blir dratt fram turning, klatring og uteoppahaldsareal som skapar samhald og kreativitet kan vere med å dra jenter i ungdomsalder meir i leik.

Det er byggherre, utviklarane og arkitektane som har makt i utforminga av leikeareal og andre offentlege rom. For å møte dei strenge krava til leikeplassar i Noreg, eksisterer det fleire aktørar som leverer standardiserte apparat. Noko som resulterer i førehandsbestemte aktivitetar. Aktivitetane blir monotone og kontakten med naturen og fantasiutvikling er hemma. Dette kan føre til at leikeplassar ikkje oppfyller deira vesentlege rolle i å fremme allsidig utvikling gjennom leik.

Avslutningsvis blir det dratt fram at det er fullt mogleg å konstruere bedre urbane områder for barn, men den største barrieren ligg hos planleggarane, kommunen og utbyggjarar og barns stemme blir ikkje høyrd i medverking.

4 Metode

En metode er ein framgangsmåte eller eit verktøy for å skaffe kunnskap og informasjon om det ein ynskjer å undersøke. Når ein skal velje metode, gjer ein det på bakgrunn av at dette er den beste metoden for å belyse sin problemstilling på ein best mogleg måte (Dalland, 2017). Det skiljast mellom *kvalitative*- og *kvantitative*-metodar. Den *kvantitative* fokusera på å samlar inn data som er målbare, medan den *kvalitative* har som eit mål om å fange opp meningar og opplevingar som ikkje er lett å måle eller talfeste (Dalland, 2017). I denne oppgåva er det viktig å få nærliek til feltet, og er då valt å tatt i bruk av den *kvalitative* forskingsmetoden.

4.1 Val av metode

Som nemnd tidlegare har eg ein bachelorgrad som barnehagelærar, og har arbeida som dette i fire år. Gjennom dette har eg tileigna god kunnskap kring barns behov for leik og viktigeita med eit godt nærmiljø for ein god allsidig utvikling. Med dette som grunnlag er det valt å bruke observasjon som metode, da eg har grunnlag til å vere kritisk til feltet og har noko kunnskap i kva som er god leik og ei.

Gjennom observasjonar tar ein vare på inntrykk, og det å sette fleire observasjonar saman for å kunne danne seg eit bilet gjennom analysering og tolking av desse data (Dalland, 2017). For å kunne svare på forskingsspørsmåla så er det naudsynt å få nærliek til feltet. Dette er gjort gjennom fleire rundar med observasjonar på staden, der underteikna har prøvd å vert nøytral i innsamling av data.

Val av område

Området som eg har valt å fokusere på er Storhaug aust. Da dette området har vert i stor utvikling og har gjennomgått store endringar dei siste tiåra. Området har tidlegare vert prega av industri og hamneområde, og no blitt transformert til eit tett busett bustadområde. Dette området gir eit godt grunnlag til å undersøke korleis tilrettelegginga for barn og unges leik og oppvekstmiljø er på dei offentlege områda. Observasjonane tar for seg alle offentlege leikeplassar og parkar langs velt akse, og blir vist i illustrasjon 8. Observasjonsruta går ifrå sentrum og Nytorget og ender Storhaug aust.

Observasjonsrute

Figur 8 - Observasjonsområdet.





Bydelen består av fleire bustadblokker og få nyetablerte einebustadar. Noko som gjer at det er ein høg tettleik av folk som bur i området. Dette blir vist i illustrasjon 9 der ein ser tettleiken i bygningsmassen.

I denne oppgåva er det gjor avgrensing av bydelen for å kunne gjennomføre. Svakheita med dette er at ein får eit bestemt utval av informasjon. Konsekvensen kan vere at ein går glipp av viktige trekk ved bydelen som heilskap og ein kan gå glipp av viktige trekk ved bydelen. Avgrensinga er blitt gjort i saman med rettleiar for å kunne gje eit representativt nok område for å belyse oppgåva innanfor tidsramma.

Utfordring og svakheit

Ved å bruke den kvalitative observasjonsmetoden er kvaliteten av data ein får henta ut, avhengig av nokre faktorar. Ved å bruke seg sjølv som observatør er ein aldri heilt nøytral i feltet. Der observasjonane kan bli påverka av observatørens personlege oppfatning og tolking av situasjonen. Det er derfor viktig at ein er bevisst på sin eigen oppfatning (Dalland, 2017). I og med at eg har jobba som pedagog i fleire år, er det mogleg at mitt syn på leikeplassar er noko farga.

Innsamling av observasjonane er gjennomført i løpet av vårsemesteret 2023. Dette er eit snevert innsamlingsgrunnlag, og ein kunne fått andre resultat om ein hadde hatt eit større observasjonsgrunnlag. Observasjonar av uteområde kan vere sterkt påverka av årstid og vær på tidspunktet ein observerer. Det påverkar observatøren, men også aktivitetane som utførast og mengda av menneskjer som er på staden. Ein veit frå erfaringar at folk er meir ute i løpet av sommarmånadane, og i sjøparken og badedammen samlar det seg ofte forskjellige aldersgrupper. Badeplassen blir mykje brukt når det er varmt og finevær av ungdommen, og særskilt jenter i ungdomsalderen.

Figur 9 - Visar tettleiken av bygningar i observasjonsområdet.

Kjeldekritikk

Svakheit med val av metode er observasjon gjort i det offentlege rom, og det etiske med observasjon av barn og menneskjer utan samtykke. Ein kan ikkje stå og observere for lenge, ei heller ta biletet som identifiserer personane. Om ein framand kjem for tett på barns leik, kan barna eller foreldra kjenne seg utrygge. Det er derfor ikke blitt gjort lange observasjonar i tid, på dei plassane det har vert barn under observasjonstidspunktet. Dette er blitt gjort opp igjen ved ein seinare anledning.

5 Observasjon og analysestrategi

Dette kapittelet vil presentere de ulike observasjonane som er blitt gjort.

Observasjonane er gjort gjennom å vere fysisk til stades på alle aktivitetsflatene, gjennom fleire rundar i løpet av februar til april. Det er blitt gjennomført i forskjellige tidspunkt og på ulike dagar, der det er variert mellom vekedagar og helger. Tidspunkta har variert mellom å starte observasjonsrunden kl.12, kl. 14, kl.16 og kl. 18. Observasjonane er gjort i desse tidspunkta, sidan det er grunn til å tru at det er desse tidspunkta som barn og unge gjerne er ute på, og ein gir moglegheit til å kunne observere barn i leik. Har prøvd å gjøre observasjonane på dagar det er opplett og fint vær, da været spelar stor rolle i bruk av offentlege byrom.

Analysestrategi

For å samle inn data er det blitt gjort fotografering på alle stadene. For å presentere området for lesarane er det blitt gjort ein kort oppsummering av innhaldet av område i ein så nøytral rolle, som ein kan i ein observatørrolle.

Desse blir presentert seinare i dette kapittelet.

Undervegs og i kort tid etter gjennomført observasjon er det gjort grundige notata som eg har basert analysen på. Desse er blitt systematisert ved å legge inn i eit skjema som visar dei ulike kvalitetane opp mot dei ulike områda. Der eg har først analysert område kvar for seg, og til slutt sett på Storhaug aust i ein større samanheng. Desse blir presentert i analysekapittelet.

Observasjonar

Dei ulike stadane vil bli presentert ein etter ein, og vil byrje på neste side.

Beskriving av observasjonsområda

Her blir det presentert ein lett beskriving av aktivitetsflaten/leikeareal i observasjonsrunden.

Ajaxparken

Leikeplassen er plassert i sentrumskjernen i eit lunt og solrikt byrom. Den er plassert i en bakke, som gjør terrenget ujevnt, i tillegg til at det er laget til ujevneheitar i aktivitetsflata. Mesteparten av aktivitetsflate er dekt i falldempande underlag i forskjellige sterke farger, ordna i organiske former og formar ulike stiar gjennom området. Nokre parti har også dyrespor eller avbilding av dyr i set. Det er også enkeltparti av underlaget som er laget av trestubber og ei bru på tvers av området i tre, som også forlenga stipartiet.

Det er tilført fleire faste installasjoner; sklie, hytte, diverse element som skal etterlikne ein jungel, klatrestativ og ei hengekøye i tillegg til ulike dyreelement som ein kan klatre og sitte på. Leikeapparata er plassert i ein tett samansetting.

Det er planta tre og busker med støttekarmer som rammar inn delar av området. Trea er ikkje mogleg å klatre i.

Sikkerheitstilatik for bil er satt opp i form av søyler, som rammer gangvegen inn til området. Desse er forma i same stil som aktivitetsflata. På bygningane rundt aktivitetsflata er det tillaga ein grafittivegg dekka med fantasifigura i sterke fargar.

I midten av aktivitetsflata, i det mest solfyllte området, er det opparbeida benkar og bord med god oversikt over området.




Foto 10 - Ajaxparken.



Foto 11 - 12 - Forskjellige materialvalg. Plastunderlag, sti lagd av avkappa trestubar og (materiale rundt tre?) i metall.



Foto 13-14 - Sikkerheitstiltak for hindre bil kjører inn på leikeplassen.



Foto 15 - 16 - Sitteareal og trebeplantning langs ytterkanten.

Leikeplass under bybrua

Leikepllassen er plassert under by brua, og ein får eit tak over delar av aktivitetsflaten. For å halde oppe brua er det to store søyler i betong som er plassert i kvar sin kant av området. Bunnen av desse to er malt i ein gråfarge. Siden det er mykje trafikk oppå brua, generera det mykje støy her. Aktivitetsflata er plassert i eit eit ujevnt terregn. For å få jevne og flate areal, er området bygd i to forskjellige nivåer eller platå.

Største delen av området er dekka i asfalt, og det er opparbeid falldempande underlag rundt dei to andre leikeapparata som er der. Halvsirklar i betong rammer inn delar av området.

Det er tilført nokre faste installasjoner; basketkurv, huske, vippedyr og treelement som er festa i bakken i ein tett konstellasjon. Desse ulike apperata er plassert i stor avstand til kvarandre.

I den sørøstlige delen av området er det opparbeida eit grasområdet med benk. Desse er ramma rundt med eit lite bed og nokre tre. Sittearealet er plassert i stor avstand frå vippedyret og huska. Det er også små tre små øyer med nokre busker og buskas.

Ulike små trehus og eit større bygg rammer rundt området, og danner eit rom. Det er også opparbeida ein stor betongvegg i sørvestlige delen. Denne er dekka i graffiti.



Foto 17 - Ei udefinert flate dekka i asfalt.



Foto 18 - 19 - Godt vedlikehald av sitteareal.



Foto 20 - 22 - Dårlig vedlikehald av leikeareal.




Foto 20 - 22 - Dårlig vedlikehald av leikeareal.



Foto 23 - Graffiti vegg.



Foto 24 - Vippedyr og trestubber.

Badedammen

Denne aktivitetsflata er også plassert under by bru, og ein får eit tak over deler aktivitetsflaten. Siden det er mykje trafikk oppå bru, generera det noko støy her.

Området er relativt stort og er plassert i eit flatt terren, med eit stort vatn i midten. Det er forskjellige aktivitetsflater i området, og det er eit tydeleg skilje mellom leikeareal og oppholdsareal. Her blir dei delt inn i fargekoder for å beskrive det nærmere.

I raud sone er det tilført nokre faste installasjoner; humpedisse, klatreinstallasjon og ein balanseapparat i tillegg til ei volleyball bane. Underlaget består av sand, i tillegg til ein gangveg i betong på nordsida. Langs kanten er det også fleire benkar.

I gul sone er det installert fleire treningsapparat med store bokser i ulik storlek som kan brukast som sitteareal. Underlaget er fallunderlag i plast. Gangsona går også gjennom dette området.

Grøn sone er det eit større parkareal, som er prega av grasflate med sti i grus og innslag av betong. Denne delen er ramma rundt med mur og tre. Mesteparten av trea er på utkanten av muren.

Rundt vatnet (blå sone) er det opparbeida ein sti i betong, med fleire trapper og ramper ned i vatnet. Det er instalert ei sklie som er plassert slik at munningen renner ut i vatnet.

Lilla sirkel visar plassering av statue. Sjå eigen merknad for denne lengre nede, på side 34.




Foto 25 - Badedammen. Området i rødt er leikeareal, grønt er parkareal, blå er vannsone og gult er trimpark. Kjelde: kommunekart.no




Foto 26 - Statue i ytterkanten av området.



Foto 27 - Humpedisse der du må bruke heile kroppen på for å få fart.



Foto 28 - Overblikk over badedam. En ser ei sklie som ledar ned i vatnet.



Foto 29 - Treningsapparat.



Foto 30 - Slitt underlag



Foto 31 - Treningsapparat.

Vindmøllbakken

Dette området er langstreckt og smalt, og er plassert i eit bratt og ulent terrenget. Frå bunnen i sør og opp mot nord er det ein gangveg som går i eit bua mønster. Heilt i botnen er det lagt til ein stor benk i betong, samt eit lite bord, før eit større parti med busker og små tre. Resten av området er opparbeida på ein slik måte at ein får to ulike flate nivå eller platå med aktivitetsflater til.

Ved det øverste nivået er det tilført ein trampoline i tillegg til ein klatreannordning. Det er falldempande underlag i plast, i duse fargar. Dette er heilt flatt bortsett frå to små humper midt i området. Rundt dette nivået er det ein lengre benkareal i betong som er dekka med tre, i tillegg til busker med støttekarma rundt.

Ved det nedre delen er det plassert bokser i ulike former og storleikar i ein bestemt (?)formasjon. Desse er plassert delvis inni små humpar i fallunderlaget i plass. To av boksane er hule, og er fylt med jord. Rundt dette nivået er det her også opparbeida sittebenkar i tre og betong. Langs bygningen er det plassert busker i trekassar.

Ellers er det også plassert mindre areal langs gangvegen med beplanta bed med støttekarma rundt. Nokre er også gjerda heil inne.



Foto 32 - Vindmøllebakken Kjelde: kommunekart.no



Foto 33 - Øvre del av leikeplass.



Foto 34 - 36. Ulike sitteplassar ved området.




Foto 37 - Nedre del. Boksar som er plassert rundt dei små hompane i fallunderlaget.




Foto 38 - 40. Ulike sitteplassar ved området.

Hermetikkparken

Denne leikeplassen er plassert flatt i terrenget. Området består av forskjellige aktivitetsflater, og er her blitt valgt inn i tre ulike soner.

I det nordøstlige delen av området er det plassert ulike faste installasjoner; større klatrestativ med tilhørende sklie og hytter, flere balanseapparater, to små trampoliner, ei mindre sklie, to vippedyr, ein karusell og nokre boksar. Store delar av dette området er dekka i falldempande underlag i plast, i forskjellige sterke fargar. Vatn og gras. Ved den minste sklia er det lagt til ein kunstig haug, også dekka i plast. Element frå hermetikkindustrien er å sjå i leikeapparata og fallunderlaget.

Sør i området (grønt) er det opparbeida små øyer med gras der ein er til dels opphøga. Det er også plassert ut nokre sitteplassar med bord.

Det blå området er nedsenka i terrenget, og er gjerdet rundt og meir skjerma enn resten av området. I tillegg er det private inngjerda terraser ut til felles areal for bebuarane av blokka. Underlaget her består av plattning i tre og bellegningsstein, samt små plantekasser med støttekarma rundt. Det er installert ei lita sandkasse i den eine enden, og ei lita leikehytte med eit vippedyr i andre enden.

Rundt i heile området er det fleire små øyer med inngjerda bed. Gangstiane som går organisk gjennom området består av underlag i grus og asfalt.



Foto 41 - Hermetikkparken - Kjelde: kommunekart.no



Foto 42 - Klatrestativ med sklie.




Foto 43 - 46. - Element frå hermetikkindustrien går igjen. Foto 47 - bed med planter er gjerdet inne.




Foto 48 - Privat område for bebuarar av blokka.



Foto 49 - Vegetasjon ein kan sjå frå kanten av vegen, men er gjerdet inne frå barnas leikeareal.

Kjelvene Skatepark

Ein av dei større områdene i observasjonsruta. Området er plassert i eit flatt terreng, med tydleg definerte aktivitetsflater.

I raud sone er det heile underlaget i betong. Her er det blitt delar som er blitt senka ned i terrenget, og aktivitetflata er tydleg definert som skateareal. Det er fleire fastinstalerte element som ramper og rails i tillegg til nokre benkar plassert rundt. Sørenden er ein opphøga bakke.

Gul sone er dekka i fallunderlag i plast, med sterkt farge. Denne sona er tydleg definert som ballareal, med både basketkurver og flyttbare fotball mål. Rundt er det laga til nokre benkar i betong, samt høge gjerde rundt mesteparten av området. Denne sona er heilt flat, og opp til blå sone er det nokre breie trapper.

Den blå sona er mindre definert areal, der det er plassert ein gammal dampvegvalsar oppå eit fallunderlag i plast. Det er også plassert nokre kasser i betong på denne flata.

Den rosa sona er ein liten leikeplass der det er installert ei huske og to små vippedyr. Heile flata består av sand, med gjerde rundt. Opning kun

I dei to grønne sonene er terrenget flatt, og er dekket av eit grasunderlag. I den vestlege sona er det ingen sitteareal, men i den austlige er det tre benkar med integrert blomsterkasse.

I utkanten av aktivitetsflatene er det naturelement av tre som rammar rundt heile området.

Utforminga av aktivitetsflate er tiltenkt meir ungdom enn små barn, med tydleg konkurranse dreven aktivite, med unntak av sandleikeplassen.




Foto 50 - Kjelvene Skatepark
Kjelde: kommunekart.no



Foto 51 - Dampvegvalsar.



Foto 52 - Sandleikeplass i enden av basketbana.

Foto 53 - Form i betong

Foto 54 - Integrert sitteareal med blomsterkasse på enden.

Leirvigtunet

Denne parken er opparbeida på eit flatt terrenget, men det er lagd til fleire små haugar i organisk form som er dekt i gras og kan finne rundt i parken. Området er hovudsakleg dekka i gras, og blir broten opp i fire ulike flater med ein grussti som krysser parken. I midten kan ein sjå ein statue i

er det ei lita flate i betong, som har eit stort raudt fingeravtrykk på seg. Dette merket er å sjå fleire stader ved Sjøparken (sjå neste side).

Fleire av dei opphøga haugane er ramma delvis med ein kant i betong dekka i tre. I tillegg finn ein fleire benkar ellers rundt i parken.

Det er fleire tre å sjå i parken. I den nordlige delen er det store tre, medan i den sørlege delen er det lavare tre. Leirvigtunet er det ikkje opparbeida nokre standard leikeapparat, men det er ei huske hengt opp i eit tre. Denne har vert fast oppi treet ved fleire av observasjonsrundane.

Vedliggjande til parken ligg det også ein kafé, her markert med blå pil.

Heilt sør i området er det også ein bussholdeplass, der det er ordna ekstra benkar rundt med god siktlinje til buss som ankommer. Rundt området er det fleire små parkeringsplassar, der det ofte står parkert bilar.



Foto 54 - Leirvigtunet. Kjelde: kommunekart.no



Foto 55 - Gjenngrodd sti.



Foto 56 - Opplysing i terrenget. Foto 57- 58 - Perspektiv av parken.



Foto 59 - 60 - Perspektiv av parken.




Foto 61 - Ei svingdisse henger fast i toppen av dei høge trea.

Sjøparken ved Tou scene

Området er plassert i ein slakk bakke, men er relativt flatt. I denne parken er det ingen fasiliteter i form av leikeapparat, med det er fleire oppholdssoner med ulike former for sitteplassar. Både inne ved Tou Svene området og i sjølve parken.

Området er stort og opent, og delt inn i små udefinerte soner ved hjelp av benkar inn i bakken og små haugar rundt i området. Heile parken har god utsikt mot sjøen.

I tillegg til parken er det en stor grusflate nord på området. Den blir i dag brukt til parkeringsareal, og skal bli bygget boliger seinare. .

Fleire spor etter store fingeravtrykk i rød maling på staden, sjå foto 63 og 66. Desse er også å sjå i Leirvig tunet.

Like ved parken beliggjer Tou Scene (markert med blå pil i foto 62), der det ofte er kulturelle innslag ofte i form av kunst og musikkonsertar. I tillegg er det kafé, bar og eige streetfood konsept som ligg opent rundt sjøparken.

Nede ved sjøkanten er det tillaga ein promenade langs bryggekanten som går heile vegen til Lervig park og vidare (sjå figur 8). Det er også lagt opp breie trappetrinn og rampe, samt ein stupekant for for badeaktivitet.



Foto 68 - Grafitti langs kant ved grusbansen.



Foto 69 - Tou Scene og parken.




Foto 62 - Sjøparken. Kjelde: kommunekart.no



Foto 63 - Fingeravtrykk som ein ser fleire plassar ved Tou Scene.



Foto 64 - Området visar utearealet som tilhøyre Tou Scene.



Foto 65 - 66 - Ved sjøkanten er det lagt til rette for trapp og rampe ned til vatnet samnt ein stupekant.



Foto 67 - Eit par som ligger på ein benk i sola.

Leikeplass ved Tou Scene

På baksida av Tou scene er det lagt til ein leikeareal. Området ligg i ein ujevnt terrenget, slik at det er ein slakk til medium hellning for gangvegen. Ellers er det ulike soner der det er heilt flatt, og nokre stader er det kunstig forhøgde haugar dekka i fallunderlag. Det er også blitt integrert eit lite amfi i betong inn i den eine bakken.

Området er ramma inn med høge bygningar rundt seg. Tou Scene i det nordvestlige hjørnet, leiligheter nordøst og eit helsekontor i sør. Staden er også plassert over eit parkeringsanlegg under jorda for besøkande til Tou Scene og beboere i området.

Det er tilført fleire faste installasjoner; ein basketkurv, ei huske, eit stort samanhengande klatreelement med fleire funksjonar, fleire balanseapparat, ei vippe og ei sklie.

Ein ser forskjellige underlag i området, gras grus, asfalt, falldempande underlag i plast og murstein. Under dei ferdiginstalerte leikeapparata er fallunderlaget i fargar som ein ser igjen fleire stader rundt Tou Scene. Gangvegen er dekka i grus, sett bort frå eit lite parti i midten som har asfaltunderlag. Denne biten knytter saman amfiet, gangvegen og dei ulike leikeapparata. Det lille asfalterte området har fått tilført skrift, samansatt av ulike ord og settningar. Fleire av desse er i ein spørrande form der ein lyt bruker dei ulike sansane sine. Nokre dømer er: "Ser du det store skipet" og "Hører du måkene på siriskjær".

Det er tilrettelagt for fleire benkar med bord rundt på området. Mange av dei har utsikt mot sjøen.

Vegetasjon tar opp mykje av området. Det er vegetasjon i form av tre og beplantning, der dei aller fleste er inngjerda.




Foto 70 - Tou Scene. Kjelde: kommunekart.no



Foto 71 - 72 - Amfi, tekst på bakken og basketkurv.




Foto 73 - 74 - Sjøutsikt og den store samanhengende klatrestativet. Det som er av vegetasjon er inngjerda.



Foto 75 - 76 - Det som er av vegetasjon er inngjerda.



Foto 77 - 78 - Sklie og døme på tekst på asfalten.



Foto 79 - Perspektivsbilde.

Innovation Dock - Leikeplass

Det stippla området er ein del av observasjonsruten, siden denne delene er offentleg. Det som ligg på oppsida er ein felles leikeplass. Det vil seie at den er privat for dei som bur i bygningane rundt.

Uteområdet er basert på eit flatt terrenget, der det er innslag av små forhøgde øyer med beplantingssoner, fyllt med gras. Den eine er kun jord i. Nokre av øyene er det også integrert benk.

I enden av området er det ein stor trapp som leder opp til bustader. Denne trappa opptar 1/3 av arealet. Området har fallunderlag i mørk plast og gangareal i betong. Ved siden av trappoppgang er det forskjellige platå med gras og beplanting.

Leikeplassen har fleire faste instalasjonar; huske, basketkurv, klatrestativ, to forskjellige balanseapparat. I tillegg til at det er montert ein klatrevegg.

Vegetasjon tar opp mykje av området. Det er vegetasjon i form av tre og beplantning.




Foto 80 - Innovation dock leikeplass. Kjelde: kommunekart.no



Foto 81 - 82 - Leikeapparat som er tilgjengelege på staden.



Foto 84 - Trappeoppgang i bakgrunnen, og små 'øyar' i forgrunnen.



Foto 83 - Huske på området.

Lervig Park

Denne parken er enda i utvikling, og er enda ikkje ferdigstilt. Den skal stå ferdig iløpet av 2023. Hele dette området er opparbeida ved hjelp av utfylling av sjøkanten. Terrenget er dermed flatt, med unntak av nokre opparbeida kunstige haugar inni parken. Det går ein sjøkantlinje langs heile den sørlege aksen. Mellom sjøkanten og gangvege er det ikkje lagt til rette for enkel adgang til sjøen.

Det går ein grussti i eit organisk mønster gjennom heile området. Både langs sjøkanten og små stiar gjennom området. Det er opparbeida nokre benkar langs stien.

Området har lite faste intallasjonar, men har ei husestativ omtrent midt i området. I den nordlige enden av parken er dekket bare i grus, og noko gras. På denne flata er det plassert ein midlertidig skatebane.

Vegetasjonen som er i området er nokre nyplanta tre som står plassert langs gangstien. Det er variasjon mellom bartre og bladtre. Ellers er det små opphøgde øyer av gras med beplantning som dominera staden.




Foto 85 - Lervig Park. Kilde: kommunekart.no



Foto 86 - Skatebane.



Foto 87 - 90 - Sittesoner, grussti og huske ved sjøen.



Foto 91 - 93 - Perspektiv.



Foto 94 - Skatebane.



Foto 95 - Byggingsområder, for nye leiligheter



Andre observasjonar

Bilete ovenfor visar Tretoppen leikeplass, ved Mosevannet i Stavanger. Utforminga er gjort i samspel med materiale rundt, og går i ett med omgivnadane.

Like ved det instalerte klatreapparatet var det kvistar og anna naturmateriale som hadde blitt nytta til å lage ein slags konstruksjon. Antakligvis lagd av barn.

Foto 94 - Tretoppen Leikeplass.



Foto 95 - Natrumateriale blir tatt i bruk. Like ved Tretoppen leikeplass.

Like ved Sande Skole på Sola kan ein også sjå spor av barns leik. I foto 96 ser ein korleis det er litt tatt i bruk naturmaterialer saman med tau og tråd for å lage ein huske og noko anna konstruksjon. I tillegg er det tydeleg spor av bruk rundt og inni buskepartia. Om sommaren, når blada er vokst heilt ut, kan denne stien bli bortimot heilt skjult for forbipasserande. Barn har då moglegheit til å kunne gjøyme seg frå det vaksne sitt blikk, som er ein av kategoría i den risikofylte leik.



Foto 101-102 - Naturelement er tydeleg tatt i bruk i leik.



Foto 96 - Natrumeriale blir tatt i bruk. Like ved Sande Skole.



Foto 97 - Bilete er tatt på same plass eit par veker etter bilde nr 96.



Foto 98 - 100 - Tydeleg spor på bakken og ved trea . Like ved Sande Skole. Fra samme plass, men er tatt på forskjellige tidspunkt.



Foto 103: Innsyn- utsyn Foto: Kim Müller Kjelde:

Statuen er installert oppå ein platå med trappetrinn. Steinens er skåren av slik at det dannar ei flate. Inni denne flata er det innhugga eit avtrykk av ein menneskekropp som sitter. Opp til denne flata er det også eit ekstra trappetrinn, med avtrykk av ein fotsåle.

Utforminga av denne steinen inviterar til at ein skal gå opp trappetrinna, og setje seg ned. Ikkje fordi det verka som ein behageleg plass å sitje, men fordi ein blir invitert til det.



Foto 104: Trapp opp til statuen med fotavtrykk på øverste trinn.

Oppsummering av funn

Vedlikehald

På fleire av områda, er det store teikn til dårlig vedlikehald. Ein ser grønske på leikeapparata, nedslitt grasunderlag og oppsmuldra dekor. Sjølv på eit nyoppbygga område som Leirvigparken er det allereie teikn til dårlig vedlikehald. Vedlikehald på vegetasjon var nokre stader bra, medan andre verka å vere neglesjerte. Dårlig vedlikehald kan vere med å gjere området meir utriveleg, og ein vil få færre folk til å ville bruke byrommet.



Nokre av områda var godt vedlikehaldt, der Ajaxparken er eit godt eksempel. Tydeleg at leikeapparata har fått nye malingsstrøk og underlage har fått ny behandling. Sjølv om det var innslag av god vedlikehald, var det eit gjennomgåande tema at det var dårlig.

Likskap mellom aktivitetsflatene

Det er likheitstrekk mellom dei ulike aktivitetsflatene. Funksjonane hos dei ferdiginstallerte apparate gjekk igjen, noko som gjer at Storhaug aust sin variasjon i kva aktivitet som blir tilboden er lite variert. Leikeplass under bru og Innovation Dock har den eksakt samme huskestativ.



Dekkningsflate gjekk igjen fleire stader, der asfalt, betong og fallunderlag i plast gjekk igjen i alle stader (utanom parkane). Fleire stader er det benytta sterke fargar som skal etterlikne naturmateriale som gras og vatn.

Vegetasjon

Dei områdene der det er vegetasjon, er i den grad at det er enten lave eller veldig høgt. Det er dermed ikkje vegetasjon som kan nyttast som portalar og krypgangar eller til å klatre i.

Det var gjenntakande at fleire av områda som hadde vegetasjon, var det blitt gjort ein avgjørsel med å gjerde det inn- framfor å ha det åpent. Eit tydeleg teikn på å hindre barn i å utforske denne delen av leikeplassen. Det ligg så i naturen til barn å utforske, at det er gjort eit konsekvent val i å hindre denne utforskarrangen. Her var det 'Bare se, ikke røre' tanke.



Barn er nysgjerrige vesen, og har behov for å oppdage, utvikle og endre verda rundt seg.



6 Analyse

Denne delen vil presentere dei empiriske data, og vil gjennom kapittelet diskutert opp mot dei teoretiske funn. Analysen blir gjort i to delar, der ein først ser på korleis dei ulike pedagogiske kvalitetane er representert på kvart enkelt område – for så å sjå på Storhaug aust i eit større perspektiv og korleis bydelen fungera som bydel.

	Ajaxparken	Under bru	Badedammen	Vindmøllebakken	Hermetikkparken
Natur	Innslag av tre og vegetasjon rundt området. Ingenting som er tilrettelagt til å bruke i leik.	Innslag av tre og vegetasjon rundt området. Ingenting som er tilrettelagt til å bruke i leik.	Mykje tre og vegetasjon, men ingen er tilgjengeleg til leik. Stor badedam meint for leik med vatn.	Innslag av lav vegetasjon rundt området, men mykje er utilgjengeleg og ikkje mogleg å bruke til leik.	Mykje tre og vegetasjon på området, alt er ramma inn av gjerder, så er ikkje tilgjengeleg til leik.
Tryggleik	Godt belyst, mykje sirkulasjon av folk, lav trafikk og sikra område. Lite vind, men ikkje beskytta for regn.	Dårleg belyst, mykje trafikk men er fysisk beskytta mot mykje – men mykje støy. Litt skydd mot regn og vind. Dårleg vedlikehald.	Middels til god belysning, og god beskyttelse mot trafikk. Mykje støy frå oven. Høg sirkulasjon av folk.	Godt belyst, og tett boligområde med mange mennesker. God beskyttelse for trafikk. Ingen skydd mot regn, noko skydd for vind.	Godt belyst, og høg sirkulasjon av mennesker. Mykje trafikk, men er barrierar i form av gjerder. Ingen skydd mot regn, noko skydd for vind.
Risikofylt leik	Høg fart på sklie.	x	I nærleiken av farleg element; vatn. Høg fart på sklie ut i vatn.	x	Høg fart på sklie, og klatre høgt.
Variasjon i aktivitetsflate	Stor variasjon i terreg og funksjonar i leikeapparat, tross at alt er dekkja i plastbelagt underlag.	Lite variasjon, og få funksjonar til leik.	Stor variasjon innad i området, leikesone er det lite variasjon i leikeapparat.	Lite variasjon, og få funksjonar til leik.	Litt variasjon i område, og litt variasjon i apparat.
Variasjon i alder	1-5 år. Mest for små barn.	1-5år, to funksjonar retta mot små barn, medan ein funksjon er retta mot eldre.	Ikkje definert	1-5 år.	1-5 år.
Fysisk aktivitet	Apparata er variert i kva aktivitet dei tilbyr. Balanse, skli i ulik fart, klatring, og springing.	Lite variasjon i fysisk aktivitet som blir tilbydt.	Stor variasjon i aktivitet som staden tilbyr, men er sterkt sesongbasert. Når det er lite sol, er det lite tilbod i aktivitet.	Lite variasjon i fysisk aktivitet som blir tilbydt.	Apparata er noko variert i kva aktivitet dei tilbyr. Balanse, skli i ulik fart, klatring, og springing.
Vedlikehald	Godt vedlikehaldet. Teikn på at dyr og leikeapparat blir malt på nytt.	Dårleg vedlikehald av leikeareal, gjer leikeflatene uhyggeleg. God vedlikehald på sitteplass.	Teikn på dårlig vedlikehald.	God	God

	Kjelvene skatepark	Leirvigtunet	Sjøparken	Tou leikeplass	Innovation dock	Leirvig parken
Natur	Innslag av tre og vegetasjon rundt området. Ingenting som er tilrettelagt til å bruke i leik.	Mykje tre og vegetasjon, men ingen er tilgjengeleg til leik. Eit par tre er mogleg å klatre i, men er plassert slik at det er rett ved vegen.	Mykje tre og vegetasjon, men ingen er tilgjengeleg til leik. Tilgangen på sjøen er godt lagt til rette for bading og leik med vatn.	Mykje tre og vegetasjon på området, alt er ramma inn av gjerder, så er ikkje tilgjengeleg til leik.	Innslag av tre og vegetasjon rundt området. Ingenting som er tilrettelagt til å bruke i leik.	Mykje tre og vegetasjon, men ingen er tilgjengeleg til leik. Sjøkant, men lite tilrettelagt for tilgang.
Tryggleik	Middels belyst, høg sirkulasjon av mennesker mykje trafikk rundt, og mykje støy. Ingen skydd mot regn og vind.	Godt belyst, og tett boligområde med mange mennesker. God beskyttelse for trafikk. Lite skydd mot regn og noko skydd for vind.	Ingen skydd mot regn og vind. Middels vedlikehald. Lite trafikk	Middels belysning, lite skydd mot vind og ingen mot regn. Ingen trafikk.	Middels belyst. Ingen skydd mot regn og vind. Ingen trafikk	Ingen skydd mot regn og vind. Dårleg vedlikehald. Middels trafikk
Risikofylt leik	Skatearealet og basketbane kan ein ha leik med høg fart.	x	I nærleiken av farleg element; vatn.	Klatre høgt og middels fart sklie	x	I nærleiken av farleg element; vatn.
Variasjon i aktivitetsflate	Tydelege aktivitetsoner innad i området. Inne i sonene - lite variasjon, veldig målretta aktivitet.	Variasjon i terreg og lite variasjon i funksjonar.	Variasjon i terreg, litt variasjon i funksjon. Men desse er sesongbasert.	Variasjon i terreg, men litt variasjon i funksjon.	Lite variasjon, og få funksjonar til leik.	Variasjon i terreg, litt variasjon i funksjon.
Variasjon i alder	1-18. Hovudsakleg retta mot ungdom	5- 18 år. Passar også for vaksne.	5- 18 år. Passar også for vaksne.	3-12 år	3-12 år	5- 18 år. Passar også for vaksne.
Fysisk aktivitet	Noko variasjon i apparata er litt variasjon i aktivitet dei tilbyr. Balanse, skli i ulik fart, klatring, og springing.	Lite variasjon i fysisk aktivitet som blir tilbydt.	Stor variasjon i aktivitet som staden tilbyr, men er sterkt sesongbasert. Når det er lite sol, er det lite tilbod i aktivitet.	Apparata har noko variasjon aktivitet dei tilbyr. Balanse, klatring og springing.	Lite variasjon i fysisk aktivitet som blir tilbydt.	Lite variasjon i fysisk aktivitet som blir tilbydt.
Vedlikehald	Middels vedlikehald, tilhøyrande sandleikeplass er dårlig vedlikehalden.	Middels til god vedlikehald	Fleire av fingeravtrykka byrjar å smuldre opp.	Middels til god vedlikehald.	Middels vedlikehald. Lite opparbeida ny beplanting.	Er ikkje ferdig bygd enda, men er allereie mykje som tyder på dårlig vedlikehald.

6.1 Del 1 – Kvalitetar i området

For å få ein god oversikt over kva kvalitetar dei ulike områda inneheld, er det utarbeida eit skjema der ein sett lys på dei pedagogiske elementa presentert i teorien.

Natur

Dei empiriske data visar at alle aktivitetsflatene i observasjonsområdet har mykje innslag av naturlege element i form av tre, gras og vegetasjon. Sidan ein ser at alle dei observerte områda i Storhaug aust, er det ein konsekvent tanke frå planleggarane og utbyggjarane perspektiv at element frå naturen er viktig å ha i bybildet. Dette er truleg på bakgrunn av at ein veit at tilgangen til natur er viktig for rein luft i byen, og den hjelper med reduksjon av flaum når ein regnstorm inntreffer. Den er også viktig for vår kognitive helse, då den er med å utvikle og oppretthalde den for både barn og voksne. Det verkar også som ein konsekvent tanke at dei elementa som er blitt tilført området er plassert slik at det skal kun observerast, og ikkje brukast sidan alt er plassert som ein ramme rundt området eller at dei er fysisk sperra inne i form av gjerde. Dette indikerer at som planleggar veit ein at barn nytta seg av det dei finn i området rundt seg, og kan byrje å grave eller ta i bruk dei elementa dei finn-forde dei er nysgjerrige vesen. Denne trøngen blir, bevisst eller ubevisst, satt ein stopper for slik plasseringa av naturelement i Storhaug er i dag. Det gir eit sterkt signal om at *"Her er det lov å leike, alt anna er forbodet."* Barn blir tolerert på visse premissar i bybildet. Det er tydeleg at designprinsippa som blir utført i bybildet ikkje tar for seg barns behov til natur i form av leik. Den fysiske kontakten med naturen, er det lite moglegheita for i Storhaug i dag.

Dette er ikkje heldig, fordi det er gjennom å ha fysisk kontakt og graving med mellom anna jord, så får ein førstehandserfaringar med korleis materialet oppfører seg og korleis den er i endring. Og for å oppnå den positiv effekt i immunforsvaret, er det essensielt å kunne vere i direkte kontakt med jordbakteriar. Visst barn skal få nytte denne gunstigheta er det viktig at dei får vere fysisk borti jord og grave og leike. Dette blir fråteneken når alt er inngjerda eller i ytterkanten av området i nærleiken av biltrafikk.



Figur 105- Tre som er eigna til klatring. Ein må ta i bruk heile kroppen og sansar for å klare det. Foto: Syda Productions.

Kjelde: (https://stock.adobe.com/no/search?k=climbing+trees&search_type=usertyped)

Tryggleik

Mykje tyder på at det er fokus på å skape tryggleik i bymiljøet, når det kjem til belysning. Da ein ser at dette er eit prinsipp som går igjen, men dessverre er det nokre stader der det er middels belyst. For at ein skal ha lyst til å leike ute, så skal det vere behageleg. I det vestlandske klimaet Stavanger har, er været prega av mykje vind og regn. Etter observasjonane er det ingen av områda som tilbyr noko særleg skydd mot verken regn, eller vind og ei heller sitteplassar eller opphold under tak. Eit av Gehl sine kriteria for tryggleik er nettopp det å skape skydd mot vær og vind. Om det ikkje blir oppfylt er det to faktorar som kan skape ubehag, og ynskje om å vere ute minskar. Etter å ha analysert området har eg vurdert følgande etter desse kriteria. Grå = middels og raud = därleg.




Figur 106 - Min vurdering av tryggleik i område ved å bruke Jan Gehls kvalitetskriterier.

Om ein går inn på foreldres eller føresette rolle, er det viktig for mange småbarnsforeldre å ha moglegheita til å ha oversikt eller tilsyn til sine barn når dei leikar på ein uteleikeplass. Dette gjerne frå ein sitteplass i nærleiken. Dette er for begge partar sine behov, barna treng den trygge hamna som foreldre kan gi, og då hjelper det ikkje at dei er for langt unna til at ein tør å utforske det som ein ynskjer. Etter å ha undersøkt observasjonsområdet er det opparbeida benkar og sitteplassar på alle aktivitetsflatene. Nokre er tett opp mot der leikearealet er, medan nokre er plassert i lengre avstand. Sistnemnde gjer at behovet foreldre gjerne har til nærleik ikkje bli møtt, og dei ender opp med å stå og observere i staden for. Dette kan vere med på å gjer at foreldre gjerne kan bli lei før barna, og ein kan ender opp med å gå heim før ein eigentleg er det.

Variasjon i leikeflate

Dei empiriske data visar at observasjonsområdet består av typisk tradisjonelle leikeplassar med faste installasjonar som huske, rutsjebane, klatrestativ og vipper. Det er desse funksjonane som går igjen på dei fleste av leikeplassane i området. Ajaxparken og hermetikkparken er dei to som skil seg litt ut av denne kategorien om at dei har litt fleire materiale enn dei mest vanlege apparata, men apparata byr på dei same funksjonane. Ajaxparken er det som skil seg mest ut av dei, i og med at den har brukt det ulent terrenget til sin fordel med å skape variasjon i terrenget den tilbyr. Det oppstår små rom i terrenget som inviterer til leik. Døme: Det er lagt inn nedsenking i delar av terrenget med ei bru over – sjå 107. Sjølv om den skil seg ut, er det stort sett dei same funksjonane som blir tilboden. Når leikeapparata og kva funksjon dei tilbyr er lite varierande har ikkje Storhaug aust ulike aktivitetar å tilby, og det kan fort vere kjedeleg. Gjennom dei teoretiske funn er det dratt fram at slike leikeplassar er ein arena der det føregår ikkje-leik. Det er jo litt mot sin hensikt, når leikeplassen er laga for at barn faktisk skal ha ein trygg plass til å leike. For at ein leikeplass skal vere engasjerande og kjekk er det dratt fram at det må vere variasjon i leikemiljøet og at lause delar og material som ein manipulere og forandre. Etter å ha analysert området er det ikkje gjort nokre særleg funn av lause delar eller materiale som ein kan nytte til dette. Det er ingen form for lause delar som ein kan manipulere - bortsett frå sand underlaget under nokre av leikeapparata (badedammen, Kjelvene skatepark og Lervig park).



Figur 107 - Det er lagt kunstige variasjonar i terrenget. Ajaxparken.

Risikofylt leik

Sida risikofylt leik er ein individuell oppleving av spenning, er det vanskeleg å bedømme området i denne kategorien. Men ein kan generelt seie at jo eldre du er jo meir utfordringar treng du for å kunne kjenne på spenninga i kroppen. Ut ifrå dei observasjonsrundane er der ein kan kjenne på dette er ved høg fart i sklia eller på huskene, eller ved å klarte høgt i klatrestativ. Der ingen innebera noko reel risiko, sidan det kun er gjennom standardiserte leikeapparat og fallunderlag i plast. Det er vanskeleg å kunne vurdere området om det gir moglegheita for risikofylt leik, sidan mange av kategoriene må observerast


i augneblikket og gjerne i interaksjon mellom menneske og menneske og objekt. Døme på dette er boltreleik.

Den indikasjonen som minna mest om risikofylt leik er dei stadene som er i nærleik vatn. Ellers er det lite som tyder på variasjon i kva risikofylt leik ein kan oppleve på staden. Ein veit frå teorien at ein kan kjenne på stor meistringkjensle, sjølvtillit og glede gjennom risikofylt leik. Når det er lite moglegheit for denne type leik, blir barn fråteken mange positive læringsformer.

Fysisk aktivitet

Vi har vert inne på at standardiserte leikeplassar er lite variert og gir lite nye utfordringar. Dette skapar kjedelege plassar. Konsekvensen av dette er at det er lite variasjon i fysisk aktivitet. Det er viktig for alle å ha ein plass å utføre fysisk aktivitet dagleg, sidan det har så mange helsefremmande gode med seg. Helsedirektoratet anbefala barn og unge til å vere aktive i minst 60 minuttar kvar dag, og at desse bør vere varierte. Den beste måten å vere i fysisk aktivitet er når ein ikkje veit det sjølv ein gang. At det skal vere så gøy med den aktiviteten ein gjer, at ein gløymer at det er slitsamt. Om omgivnadane ikkje gjenspeglar seg i denne gleda, bidrar ikkje omgjevnadane nok til rørslegrøde.

Det er blitt dratt fram i teorien at variasjon i miljøet er viktig for å skape gode leikeflater for barn, og at den gode motoriske utviklinga skjer ved å ha varierte og utfordringar og sanseintrykk. Gjennom dei empiriske data, er det lite variasjon i utfordringar i området. Leik i naturen har vist seg å vere den beste staden for læring av motorisk utvikling. Denne nærleiken til naturen blir ikkje presentert godt nok i observasjonsområdet og det svekker barns moglegheit til å få alle dei gode utbyttene ved å vere i naturen. For å kunne kjenne på desse tinga er ein avhengig av å kunne komme seg vekk frå byen og inn i skog og mark. Då er ein avhengig av enten transport, som regel i form av privat bil.



Figur 108- Huske ved Innovation Dock. Akkurat den same huska som ved Leikeplass under bru.

Variasjon i alder

Når ein ser på observasjonsområdet ser ein at dei fleste av områda er dedikert til små barn i alderen frå 0-5 år. Det er i grunn kun ein av aktivitetsflatene som er retta mest mot ungdom. Kjelvene skatepark er eit område med høgt fokus på konkurransedreven idrett, som å stå på rullebrett og spele fotball. Rishaug (2014) nemner at denne type aktivitet treffer behovet for gutter i mykje større grad enn jenter.

Det er sett på at ungdom også har behov for leik, som ofte er sosiale og ganske open. Slike soner er det eit ynske om at også skal kunne vere under tak. Sitteplassar eller møteplassar under tak er ikkje å finne i Storhaug aust. Det gjer at sosiale møteplassar for jenter skjer for det meste kun når det er fint vær og om sommarhalvåret ved badedammen og sjøparken. Ein kan også sjå at parkane i området ikkje held ein særskilt aldersdefinisjon i sin oppbygging. Desse opnar meir opp for at diverse sosiale sonar kan oppstå.

Vedlikehald

Vedlikehald har noko å seie for attraktiviteten til området, og viljen til besøke det er noko avhengig av den sin attraktivitet. I observasjonsområdet variera vedlikehaldet i stor grad. Der nokre stadar er det høg nærvær av vedlikehald, medan andre er det fråvær av det. Det som dei empiriske funn også visar er kor det var lagt mest fokus på vedlikehald dei enkelte stadene. Der det er stader som vaksne gjerne oppheld seg som det det er lagt mest fokus på, medan der barna er minst fokus. Eit klart døme på dette er ved '*Leikeplass under bru*' der tydeleg dårleg vedlikehald på der det var meint at barna skulle leike, medan sitteplassen var det tydeleg opparbeida nytt bedd rundt benken. Dette funnet indikerer at det er lite fokus på barn og unges velvære.

6.2 Del 2 – Kvalitetar i bydelen

Vi har no sett litt på korleis dei ulike pedagogiske kvalitetane er presentert i Storhaug aust. Denne delen vil ta diskusjonen vidare å sjå bydelen i ein større heilskap, og ser på korleis Storhaug aust tilrettelegge for barn og unges leik og trivsel på offentlege områder.

Her er det også utarbeida eit skjema for å kunne sjå ein tydleg samanheng om korleis Storhaug aust som ein bydel tilbyr dei ulike pedagogiske kvalitetane som heilskap.

	Stavanger aust
Natur	Alle område der det er tilført vegetasjon i form av beplantning eller tre, men det er ingen av desse som er tilgjengeleg for å ta bruk i leik da dei er plassert slik at dei ikkje er tilgjengelege eller er ramma inn med fysisk barriere. Lite moglegheit til skaffe seg førstehandserfaringar med naturen. Dei einaste stadene ein kan komme i nær kontakt med naturen er gjennom grasflater i parkane, eller ved dei to stadene som tilbyr badeaktivitet. Dei aktivitetsflatene som er opparbeide som leikeplass, har alle falldempande plastunderlag på delar eller heile området.
Tryggleik	Det er variert grad av belysning i og langs observasjonsrunda, generelt sett bra belysning. Variert grad av skydd mot vær og vind, men generelt er det dårleg – og dei fleste stadene er det til dels ubehageleg å opphalde seg om det er mykje regn eller vind, og ingen av stadene tilbyr opphald under tak. Eit fåtal av stadene tilbyr skydd mot sterk sol. Storhaug aust er eit område der det bur mykje menneskjer og som har fleire fasilitetar, noko som skapar ein høg sirkulasjon av folk gjennom heile døgnet. Dette er med på å skape auka tryggleik i området. Mykje trafikk, men er barrierar i form av gjerder. Nokre av områda har sitjeplassar rett ved leikeapparat, andre er plassert lengre unna. Ingen av stadene har sitjeplassar under tak.
Risikofylt leik	Lite til ingen risikofylt leik. Dei områda som har innslag av moglegheit til risikofylt leik, men om ein ser på dei ulike kategoriane innanfor risikofylt leik, så er det lite variasjon i kva dei ulike kategoriane. Leikeplassane og aktivitetsflatene tilbyr lite form av risikofylt lei, der det er leik med høgde, leik i nærlieiken av vatn og leik med høg fart som er å observere.
Variasjon i aktivitetsflate	Vi har sett at det er stor likskap i aktivitetsflatene i observasjonsområdet, da mange er like i utforminga og dei same aktivitetsfunksjonane går igjen. Ajaxparken skil seg noko ut ved at det er skapt små rom i terrenget som invitera til leik (Døme: Det er lagt inn nedsenking i delar av terrenget med ei bru over – sjå foto x), samt eit anna utval av standardiserte leikeapparat. Hermetikkparken gir også litt meir variasjon i utvalet av apparat dei tilbyr, sidan dei er gått inn for eit spesifikk tema. Sjølv om dei skil seg litt ut, er det framleis dei same aktivitetsfunksjonane som blir tilboden.
Variasjon i alder	Det er eit gjennomgående tema at det er lite variasjon når det kjem til alder, der dei fleste fokusera mest på små barn. Det er kun eit av aktivitetsflatene som er dedikert til ungdom. Denne eine aktivitetsflata er prega av konkurransedreven idrett, noko som teorien har indikert ikkje er heldig for bruk av jenter i ungdomsalderen. I tillegg er det nokre av aktivitetsflatene som ikkje har ein spesifikk aldershenvisning.
Fysisk aktivitet	Ein har sett at det er lite variasjon i kva apparat som er dei ulike stadene i observasjonsområdet. Når dei same funksjonane går igjen, er det også lite variasjon i kva fysisk aktivitet som blir tilboden i området. Det er stor variasjon på kva av områda som invitera til fysisk aktivitet og lite aktivitet. Vurdera området til å vere lite utfordrande på fysisk aktivitet.
Vedlikehald	Dei empiriske data visar at det er stor variasjon i kor godt vedlikehald Storhaug aust er. Det er mykje teikn til dårleg vedlikehald, og då særskilt i dei flatene som er dedikert til barn. Døme: Leikeplass under bru, Kjelvene skatepark og Leirvig Park.

"A society is made of different people with different needs, different means, and different dreams." (Sim & Gehl, 2019, p. 45). Som sitatet seier, er samfunnet og byen oppbyggen av forskjellige folk, deira draumar og behov. Tidlegare er det blitt diskutert om behovet for variasjon i aktivitetsflata, og korleis dette påverkar fleire sider ved allsidig utvikling og glede. Det visar seg at det også er behov for variasjon i samfunnssiletet, slik at byen kan huse fleire funksjonar og aktivitetar. Dersom ein by ikkje tilbyr variasjon i sine urbane byrom, blir ei heller mangfaldet av innbyggjarane sine behov møtt. Fordi alle er forskjellige individ som har ulike behov gjennom livet. Fleire studiar bygger opp om at det er gjennom variasjon på ein aktivitetsflate og variasjon i funksjonane som byen tilbyr, som gir eit god nærmiljø. Ifølge Sim og Gehl, er det i mangfaldet av aktivitetar uteområda tilbyr som skapar potensial.

Dei offentlege byromma blir viktige for innbyggjarane fordi det er ein stad ein kan møtast og utføre aktivitetar gjennom å engasjere seg. I ein by som stadig blir tettare av befolkning og færre opne stader, blir dei offentlege byromma viktigare. Ein må byrje å sjå byen i ein større heilskap, for å kunne legge meir til rette for ulike grupper mennesker og tilpasse byromma etter fleire behov. Dette er dratt fram som essensielt for å skape gode byrom i eit fortetta miljø, ifølge Sim og Gehl. Nemleg at: potensial i mangfald av aktivitetar, ligg ved variasjon og mangfald av uteområda. Dess større variasjon i uteområda, jo større potensial for mangfald av aktivitetar som kan bli tilboden til befolkning'. Det kan vere hensiktsmessig å stille strengare krav til kva desse byromma tilbyr innbyggjarane. Slik som mesteparten i Storhaug aust sin utvikling i dag, er det gjort mykje fokus på dei individuelle byrom – utan at det er nokon særskilt synt på område som ein heilskap. Det er slik ein endar opp med at uteområda ikkje tilbyr den variasjonen som det er behov, og at nokre grupper blir ekskludert.

Storhaug i dag er uniform i sin utbygging av offentlege byrom, og det er tydeleg at det ikkje er nokon heilskapleg tanke bak dette som område. Det verkar som det er opp til kvar enkelt planleggjar eller utbyggjar til å bestemme innhaldet. Dette kommer også fram i teorien at makta i utforming ligg hos planleggjar og utviklar (Jørgensen-Vittersø & Vik, 2021), og at det er markedskreftene som hold hjulet i gang i bruken av dei same standardiserte apparata. Dei krava som ein utbyggjar og planleggjar møter er krava til sikkerheit og kravet frå PBL som seier at ein skal legge til rette for barn og unges oppvekstvilkår. Dette er vague kriteria, fordi det er ingen krav til kva som er gode oppvekstvilkår. Konsekvensen blir at planleggjarar og utbyggerar kan velje og vrake ut ifrå ein katalog, for så å seie seg ferdig med dette *eine* kravet. Då endar ein opp med dei tradisjonelle leikeapparata over heile linja. Det er nødvendigvis ikkje slik at det er planleggjarane som veit best ei heller har mest innsyn i alle mennesker sine behov. Det blir nemnd at det er funksjonalitet og korleis dei ulike stadane som inviterar inn til leik som er avgjerande for barn, men at dei vaksne sitt perspektiv er meir på form og farge. Dette er også Djupvik sin konklusjon på kvifor urbane rom mislykkas, at det er for mange tradisjonelle tankar på utforminga av leikeplass

– ein designar for barn. Dette kan ein sjå at skjer på Storhaug aust i dag, om ein ser på bydelen med eit kritisk blikk.

Konkrete dømer er at fleire av dei offentlege byromma Storhaug tilbyr i dag, er særskilt retta mot små barn. Dei empiriske data visar at består av typisk tradisjonelle leikeplassar med faste installasjonar som huske, rutsjebane, klatrestativ og vipper. Det er ikkje eit problem i seg sjølv at slike typiske leikeplassar oppstår. Problemet oppstår i det at majoriteten av dei offentlege byromma inneheld dei same funksjonane, og dermed vil ein ikkje møte behovet som dekker det breie spekteret av befolkninga som bur der.

Vi har sett på kva som er gode leikeplassar for barn, og kva som faktisk bidrar mest til læring. Både når det gjelder fysisk motoriske ferdigheitar, men også det sosiale aspekt som sosial utvikling og kognitiv utvikling samt den store helsegevinsten. Så er det naturleikeplassar som er eit gjennomgåande funn. Gjennom å ha observert Stavanger sine leikeplassar er det ikkje dette som møter barna i Storhaug aust. Det er dei leikeplassane som fag seier der det føregår *ikkje-leik*. Så det dekker ei heller behovet barn har for variasjon i leik. Når vi ser på kor viktig leik faktisk er for barns allsidige utvikling, kan ein trygt seie at dette ikkje er ei heldig utvikling.

Det møter ei heller ikkje ungdomsgruppa, da få av stadene er retta mot andre aldersgrupper enn små barn. Særskilt jenter i ungdomsalderen blir ekskludert frå dei offentlege byromma, ved at det som rettar seg mot ungdom er konkurransedreven idrett og sports aktivitetar. Dei sosiale møteplassane som jenter i denne alderen gjerne søker er kun å finne ved badedammen og sjøparken når det er fint vær. Ellers er det ikkje tilrettelagt for sitjeplassar eller opphold under tak i Storhaug aust.

Vi planleggarar må vere meir ydmjuk i framgangen av planlegging for barn og unge (og sikkert fleire brukargruppe), og auke kunnskap til kva kriteria som faktisk skape gode oppvekstmiljø. Det som må skje er at barn må få ein større stemme i planleggingen, og ikkje bli nedstemt fordi "vi vaksne veit best, så vi går for våre egne idear". Som er realiteten i dag, ifølge (Montalvan Castilla & Müller, 2023).

Ved å tenkje bydelen som ein større heilskap, kan forsikre seg at byromma har noko som kan inkludere fleire. Ved å lage byrom som tilbyr ein blanding av aktivitetar og funksjonar kan ein skape eit meir levande bybilde ved å treffe ein breiare spekter av mennesker. Når ein ser på bydel som ein heilskap kan man prøve å skape eit mangfald i dei offentlege byromma, slik at dei tilbyr noko for alle. Sennet og Sendra, tar opp samspelet mellom dei ulike elementa i byrommet og menneskjene som nyttar dei. At det er dette samspelet som kan uformelle og spontane aktivitetar skjer. For eksempel kan ein planlegge for meir opne stader som både gir rom for leik og aktivitet for barn og unge, men og for andre brukargrupper.

6.3 Oppsummering og diskusjon

Det er mykje av naturelement i Storhaug aust i dag, men ikkje på barns premisser. Det som barn og unge møta av naturopplevingar er ved ein slik haldning om 'Berre lov å sjå, men ikkje røre'. Det einaste element av natur som ein kan få direkte tilgang til er vatn som element. Vær og klimaet på vestlandet gjer at dette i grunn er kun tilgjengeleg for leik i sommarhalvåret når det er varmt.

For at ein ynskjer å bruke tid ute, skal det vere behageleg å opphalde seg ute også når det er regn og vind. Det er ingen av områda som tilbyr noko særleg skydd mot verken regn, eller vind og ei heller sitteplassar eller opphold under tak.

Leikeplassane som har oppstått på Storhaug aust er typisk tradisjonelle leikeplassar med faste installasjonar som husker, rutsjebane og klatrestativ. Der dei same funksjonane går igjen, og dei fleste av flatene er dekka i plastunderlag. Dette gjer at det er lite variasjon som blir tilboden i dei offentlege byromma. Dette er dei leikeplassane det er oppstår minst engasjement og glede for barn, og den leiken som oppstår blir omtalt for ikkje-leik. For at ein leikeplass skal vere engasjerande og kjekk er det dratt fram at det må vere variasjon i leikmiljøet og at lause delar og material som ein manipulere og forandre. Dette er ting som ikkje oppstår i Storhaug aust i dag. Konsekvensen av dette er at det er lite variasjon i aktivitetsflata. Det som står igjen er kjedelege leikeplassar med lite nye utfordringar, og lite variasjon i kva fysisk aktivitet som blir tilboden. Det er viktig for alle å ha ein plass å utføre fysisk aktivitet dagleg, sidan det har så mange helsefremmande gode med seg. Det ligg eit særskilt ansvar på byplanleggjaren å lage uteområde som folk har eit ynskje å opphalde seg i, og utføre ulike aktivitetar.

Dei leikeplassane som har oppstått på Storhaug er i stor grad retta mot små barn, der det er lite variasjon i kva funksjon dei tilbyr. Ein har ikkje dei same behova gjennom livet, og når dei offentlege byromma rettar seg i størst grad for små barn – er det lite som treffer andre alder og grupper og deira behov. Sjølv om det er ein av stadane som er retta mot ungdommen, visar forsking at dette er områder som treff guitar i større grad. Ungdomsjenter trekker meir mot sosiale soner, men dei empiriske data visar at det er få moglegheita for dette utanom sommarhalvåret.

Risikofylt leik er den type leik der ein opplev stor spenning og det kan innebere ein liten risiko for skade. Gjennom slik type leik kan ein kjenne på stor meistringskjensle, sjølvtillit og glede gjennom risikofylt leik. Det er vanskeleg å kunne vurdere området om det gir moglegheita for risikofylt leik, sidan mange av kategoriane må observerast i augneblikket og gjerne i interaksjon mellom menneske og menneske og objekt. I og med at det er dei same funksjonane i leik som går igjen i Storhaug aust, kan ein tenkje seg at variasjonen i kva som blir tilboden av risikofylt leik ikkje er ei heller så stor. Når det er lite moglegheit for denne type leik, blir barn fråteken mange positive læringsformer.

Vedlikehald har noko å seie for attraktiviteten til området. Det er stor forskjell i grad av vedlikehald i Storhaug, men fokuset ligg i å gjøre attraktiviteten til dei stadene dei vaksne vil besøke og ei i der det er meint for at barn skal leike.

Byens offentlege rom blir omtalt som ein viktig møteplass for menneskjer sin sosiale krets og for ein stad å utføre ulike aktivitetar.

For å sjå på det i eit større perspektiv, er samfunnet og byen satt saman av forskjellige menneskjer med ulike behov og draumar. Derfor er det viktig at ein skapar mangfold i dei offentlege byromma, slik at ein kan møte behova til alle innbyggjarane for å skape gode nærmiljø. Offentlege byrom blir stadig viktigare ettersom byane blir tettare av befolkning og tilgangen til opne områder blir færre.

Gjennom dei empiriske data er det sett at Storhaug aust er uniform i sin utbygging av offentlege byrom, og det er tydeleg at det ikkje er store heilskap tankar kring bydelen. Slik det ser ut i dag har det vert opp til kvar enkelt planleggar eller utbyggar til å bestemme innhaldet etter kvart som byen blir transformert. Dette har ført til at det er lite variasjon i bydelen, og det er fleire grupper som blir ekskludert. Grunnen til at dette skjer er fordi krava utbyggerar møter er ofte vague, som gjer at ein kan gå for enkle løysningar som til dømes å putte inn standardiserte leikeapparat.

For å kunne skape meir variasjon på byen bør det utviklast strengare krav til innhald i dei offentlege byromma, på eit bydelsnivå. Ein bør sjå på området som ein heilskap, og tilføre funksjonalitetar som ellers ikkje blir oppfylt i området. På denne måten kan ein skape meir potensial i mangfold av aktivitet som blir tilboden.

7 Konklusjon

Gjennom å ha observert Storhaug aust sine offentlege byrom, har dei empiriske data vist at det er fråvær av pedagogiske kvalitetar i dei ulike område i bydelen som er viktig for å skape god leik. Leik i naturen har vist seg å vere den beste staden for læring av mellom anna motorisk utvikling. Sjølv om alle dei observerte byromma inneheldt fleire naturelement, er det tydeleg at designprinsippa som blir utført i bybildet ikkje tar for seg barns behov for nærliek til natur i form av leik. Denne nærliken til naturen blir ikkje presentert godt nok i observasjonsområdet.

Dei empiriske data visar at Storhaug aust sine offentlege byrom er det lite variasjon i utfordringar i området. Dei offentlege områda har store likskapar i utforming og i kva aktivitet som blir tilboden. Da det er dei typiske leikeapparata som går igjen ved dei aller fleste av byromma. Gjennom dei teoretiske funn er det dratt fram at slike leikeplassar er ein arena der det føregår *ikkje-leik*.

Sidan det er så stor likskap i aktivitetsflatene som blir tilboden, vil det vere lite variasjon i brukarane av dei offentlege romma. Frå dei empiriske data ser ein at ungdom er ein gruppe som blir ekskludert, og særskilt jenter. Da dei byromma som er retta mot ungdom, er a favør av gutars interesse. Når ein ser på kor viktig tilgangen på leik i nærmiljøet har å seie for deira allsidige utvikling, er det tydeleg at Storhaug aust ikkje tilretteleggjer nok for barn og unges behov for leik og trivsel i dei offentlege områda. Dagens måte å designe by på er ikkje god noko for å bevare barn og unges interesser.

Fortetting av byen har redusert tilgangen til naturen, og det svekker barns moglegheit til å få alle dei gode utbyttene ved å vere i naturen. Dette blir ei heller gjort opp for med å danne levande og gode urbane byrom som gir variasjon i kva aktivitetar bydelen tilbyr. Dagens måte å designe ein by på er ikkje til det beste for barn og unges nærmiljø.

8 Kjelder

8.1 Kjelder bilder

Sim, D., & Gehl, J. (2019). *Soft City : Building Density for Everyday Life*. Island Press. <http://ebookcentral.proquest.com/lib/uisbib/detail.action?docID=6317985>

Norkart (2023a). Badedammen. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023b). Vindmøllebakken. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023c). Hermetikkparken. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023d). Kjelvene skatepark. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023e). Leirvigtunet. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023f). Sjøparken. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023g). Leikeplass Tou Scene. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023h). Innovation Dock. Hentet fra kommunekart.no

Norkart (2023i). Leirvig Park. Hentet fra kommunekart.no

Müller, K. (2023). *Innsyn - utsyn.* [Fotografi]. Hentet fra: https://kjersti-wexelsen-goksoyr.no/portfolio_page/innsyn-utsyn/

AdobeStock (2023). *Happy kids climbing up tree in summer park.* [Fotografi]. Syda productions. Hentet fra: [https://stock.adobe.com/no/search?k=climbing+trees&search_type=usertyped\)&asset_id=119614585](https://stock.adobe.com/no/search?k=climbing+trees&search_type=usertyped)&asset_id=119614585)

8.2 Kjelder litteratur

- AsplanViak. (2023). *Jentestrategien*. AsplanViak.no. <https://www.asplanviak.no/prosjekter/jentestrategien/>
- Bae, B. (2018). *Politikk, lek og læring : barnehageliv fra mange kanter*. Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg. ed.). Gyldendal akademisk.
- Djupvik, A. (2018). *Urban spaces for children. Could play space qualities be applied to urban design?* https://www.ntnu.no/documents/10401/1286462006/Andreas.Djupvik_ver+5.pdf/7cb4ae64-9d98-4001-8bc2-79d4f33b1330
- Ellingsen, D. (2008). Tryggere, men kanskje kjedligere. *Samfunnsspeilet/Statistisk sentralbyrå*. <https://www.ssb.no/a/samfunnsspeilet/utg/200803/ssp.pdf>
- Fjørtoft, I. (2001). The Natural Environment as a Playground for Children: The Impact of Outdoor Play Activities in Pre-Primary School Children. *Early childhood education journal*, 29(2), 111. <https://doi.org/10.1023/A:1012576913074>
- FN. (2023). *Bærekraftsmål nr 11*. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/baerekraftige-byer-og-lokalsamfunn>
- Gehl, J. (2010). *Cities for people*. Island Press.
- Helsedirektoratet. (2010). *Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og ung. Nasjonale faglige retningslinjer for primærhelsetjenesten* (Nasjonale faglige retningslinjer for primærhelsetjenesten. Forebygging og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge Issue. [https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/forebygging-utredning-og-behandling-av-overvekt-og-fedme-hos-barn-og-unge/Forebygging,%20utredning%20og%20behandling%20av%20overvekt%20og%20fedme%20hos%20barn%20og%20unge%20%20E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/forebygging-utredning-og-behandling-av-overvekt-og-fedme-hos-barn-og-unge/Forebygging,%20utredning%20og%20behandling%20av%20overvekt%20og%20fedme%20hos%20barn%20og%20unge%20%20E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje.pdf/_attachment/inline/4f5ecadd-82dd-49cf-9db9-4e5d818b3c15:6a50fc2fa16e3628ea241a92821aeaeb40716ef/Forebygging,%20utredning%20og%20behandling%20av%20overvekt%20og%20fedme%20hos%20barn%20og%20unge%20%20E2%80%93%20Nasjonal%20faglig%20retningslinje.pdf)
- Helsedirektoratet. (2014). *Nasjonale anbefalinger. Fysisk aktivitet og stillesitting – 6-12 år*. <https://www.helsenorge.no/globalassets/dokumenter/nasjonale-anbefalinger-6-12.pdf>
- Helsenorge. (2022a). *Fysisk aktivitet for barn 0-5 år*. <https://www.helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/fysisk-aktivitet-0-5-ar/>
- Helsenorge. (2022b). *Fysisk aktivitet for barn og unge i skolealder*. <https://www.helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/fysisk-aktivitet-for-barn-skolealder/>
- Jørgensen-Vittersø, K. A., & Vik, U. (2021). *Barn i by : natur, helse og bevegelse i byer og bynære strøk*. Universitetsforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2006). *Veileder for utforming av barnehagens utearealer*. <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4225.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen*. Retrieved from <https://www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf>
- Lillemyr, O. F. (2011). *Lek på alvor : barn og lek - en spennende utfordring!* (3. rev. utg. ed.). Universitetsforl.
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), Kommunal- og distriktsdepartementet (2008). <https://lovdata.no/pro/NL/lov/2008-06-27-71>
- Lundhaug, T., & Neegaard, H. R. (2013). *Friluftsliv og uteliv i barnehagen*. Cappelen Damm akademisk.
- Montalvan Castilla, J. & Müller, A. R. (ND). A Smart City for all Citizens: An exploration of Children's Participation in Norway's Smartest City. (Under review in International Planning Studies).

- Nordbakke, S. T. D. (2018). Barn og unge i den kompakte byen. *Plan*, 50(2), 20-27. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3045-2018-02-05>
- Rishaug, V. (2014). Jentestrategien. <https://drive.google.com/file/d/1d47nxBkUMo-iv05ccd18R0ZJ2roN5yWr/view>
- Sandseter, E. B. H., & Jensen, J.-O. (2014). *Vilt og farlig : om barns og unges bevegelseslek*. Gyldendal akademisk.
- Sennett, R., & Sendra, P. (2020). *Designing Disorder: Experiments and disruptions in the city*. Verso.
- Sim, D., & Gehl, J. (2019). *Soft City : Building Density for Everyday Life*. Island Press. <http://ebookcentral.proquest.com/lib/uisbib/detail.action?docID=6317985>
- Squires, G. D. (2002). *Urban Sprawl: Causes, Consequences, & Policy Responses*. Urban Institute Press. <https://books.google.no/books?id=1s0URQ6sYyIC>
- StavangerKommune. (2022). *Lekestrategi for lekeplassene i Stavanger kommune*. <https://einnsyn.no/api/v2/fil?iri=http://data.einnsyn.no/cf8c5486-8cc3-4aa2-9172-d09fe13abe32>
- Walker, S., & Clark, I. (2023). *Make space for girls*. <https://www.makespaceforgirls.co.uk/>